




Årsmelding 2022



Vi bidrar til berekraftig utvikling og sterke fellesskap i heile Rogaland

Rogaland fylkeskommune leverer mange og gode tenester innan opplæring, tannhelse, samferdsel, kultur, planlegging og næringsutvikling, kvar dag heile året. 2022 var tilnærma eit normalår etter to år prega av koronapandemien. Vi oppnådde mykje og kan vise til gode resultat for områda vi har ansvar for.

Det handlar om å utvikle samfunnet vi lever i, for å ta vare på fortida, notida og framtida. Vi skal sikre at Rogaland er eit godt fylke å leve og bu i for oss som lever no, og at vi kan gi det vidare til kommande generasjonar i like god, eller betre, stand.

Rogaland fylkeskommune har laga Utviklingsplan for Rogaland og ein verksemdsstrategi som operasjonaliserer denne. Desse skisserer utfordringane vi står ovanfor. Omstilling og det grønne skiftet er stikkord. Utviklingsplanen skisserer også korleis vi må jobbe for å nå dei langsiktige utviklingsmåla våre. Vi skal jobbe for

- klimaomstilling og livskraftig naturmiljø
- konkurransedyktig region
- helsefremmande og inkluderande samfunn
- attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar

Forutsetninga er sunn kommuneøkonomi og samarbeid på tvers.

Verdiane våre er grunnmuren i arbeidet med å utvikle fylket til det beste for innbyggjarane, og dei skal vere synlege i arbeidet vårt.

- vi er opne
- vi er kompetente
- vi viser respekt

Vi presenterer ei kort oppsummering av resultata innan dei ulike ansvarsområda våre.

Innhold

Resultat og aktivitetar	4
Langsiktige utviklingsmål	5
Opplæring	13
Samferdsel	19
Kultur- og næringsutvikling	23
Plan, miljø og samfunn	31
Tannhelse	37
 Medarbeidarar og organisasjonsutvikling	 38
Administrativ organisering	39
Likestilling og mangfald	43
 HMS og kvalitet	 52
 Folkevalde organ	 56
 Økonomisk resultat	 62
Oppsummering av 2022	86
Revisors beretning	90

Resultat og aktivitetar

The background of the page features a series of overlapping, wavy, organic shapes in various shades of teal and light green, creating a layered, landscape-like effect. The top section is a solid teal color, while the lower sections consist of these layered waves in lighter tones, ending in a solid teal shape at the bottom left corner.

Langsiktige utviklingsmål

Dei langsiktige utviklingsmåla er Rogaland fylkeskommune sine overordna målsettingar. Fylkestinget vedtok måla i oktober 2020, som ein del av Utviklingsplan for Rogaland – regional planstrategi 2021–2024. Utviklingsplanen beskriv ønska samfunnsutvikling i Rogaland. Visjonen vi siktar mot er:

**Berekraftig utvikling
og sterke fellesskap
i heile Rogaland.**

Vi vil ikkje oppnå denne ønsketilstanden utan å bruke ressursane våre på best tenkelege vis. No må alle kloke hovud tenke samla. Måla er skrivne på ein måte som fordrar samarbeid. Derfor skildrar vi nokre utvalde resultat samla på tvers av fagområda, før vi dykkar i detaljane, avdeling for avdeling.

I 2022 starta vi opp arbeidet med ein ny utviklingsplan, der vi skal revidera utviklingsmåla for fire nye år. Det er plan- og bygningslova som pålegg revidering kvart fjerde år. I 2022 blei Rogaland også valt ut som eit av to pilotfylke for eit samarbeid med regjeringa om regionvekstavtale. Dette spanande arbeidet fortsett i 2023.

Klimaomstilling og livskraftig naturmiljø

I 2022 starta Rogaland fylkeskommune opp arbeidet med ein regional plan for

klimaomstilling, som skal vise veg for heile fylket. Denne utfordringa løyser vi ikkje utan eit breitt samarbeid. Vi grunnla derfor også eit klimaråd med politisk deltaking frå fylkeskommunen og kommunar frå alle delar av fylket.

Rogaland fylkeskommune fekk i 2022 nasjonal og internasjonal merksemd, da vi tok i bruk Medstraum, den første heilelektriske hurtigbåten i verda. Båten er eit resultat av eit samarbeid med verftet som bygde ho, og innovasjonsstøtte frå EU. Båten blei kåra til «Årets skip» av Skipsrevyen. Ein betydeleg del av våre klimautslepp kjem frå båt- og buss-trafikk. Medstraum er ein del av planen vår om å innfase nullutslepps fartøy og -køretøy.

I ny strategi for samferdsel løftar vi vedlikehald av den verdifulle infrastrukturen vi har. Ved å prioritere vedlikehald og utbetring, framfor å bygga nytt, sparer vi både klimautslepp, natur og matjord. Derfor har vedlikehald fått auka betydning i det nye handlingsprogrammet for fylkesveg, som blei vedtatt i 2022.

Vi har lagt ny asfalt på 112 kilometer fylkesveg, utført alle pålagde bruinspeksjonar, og på alle kaiane har vi gjennomført hovudinspeksjonar med dykkar. Dette er ein viktig del av arbeidet med vedlikehald. I 2022 leverte også Rogaland revisjon ein forvaltningsrevisjon om vedlikehald av fylkesvegar, som gir nyttige råd til arbeidet.

Rogaland fylkeskommune er vald ut til EU sitt samfunnsoppdrag (Mission) for klimatilpassing, eit samarbeidsnettverk med meir enn 200 europeiske regionar og lokalsamfunn. Nettverket oppfordrar regionane til å gå føre mot eit klimatilpassa samfunn, i lag med innbygarane. Utvikling av ny teknologi

og innovative løysingar som bidrar til klimatilpassa lokalsamfunn står også i sentrum.

I desember 2022 arrangerte vi også første regionale klimatilpassingsforum i Rogaland, med deltakarar frå næringsliv, kommunar og forskning. Her lagar vi grobottn for nye samarbeid, og deler erfaringar og kunnskap. Fylkeskommunen skal bli betre på klimatilpassing og omsyn til natur i eigne anlegg- og byggeprosjekt. Derfor starta vi i 2022 arbeidet med ein intern handlingsplan for klimatilpassing for bygg og samferdsel sin infrastruktur, og ein miljøstrategi for samferdsel sine prosjekt. Strategi for eigedom som blei vedtatt i 2022 har eit klart klima- og miljøfokus.

Konkurransedyktig region

Strategien for næring og innovasjon er følgt opp innanfor satsingsområda rein energi og maritim framtid, mat, reiseliv og oppleving. Smarte samfunn er tatt ut som eige satsingsområde. Matstrategi for Rogaland blei vedtatt i 2022. Strategien gjer fylkeskommunen sine ambisjonar tydelege, og viser kva rolle fylkeskommunen skal ha i utviklinga av Rogaland som matfylke, og korleis verkemidla skal bli nytta for å nå dette.

Fylkeskommunen samarbeida med Fjord Noreg og arrangerte ei reiselivssamling for heile fylket. Fylkeskommunen bidreg med 3 millionar kroner i året til drift av landsdelsselskapet og marknadsføring av landsdelen sitt selskap. Som ein del av satsinga på reiseliv bidreg fylkeskommunen med pengar til Lysefjorden Utvikling og Magma Unesco Global Geopark. Vi lager også ein regional plan for Lysefjorden og Preikestolområdet. Dette er Rogaland sin største turistmagnet. Planen skal beskrive korleis vi sameinar utviklinga i næringa og naturens behov.

Som del av regionreforma, fekk fylkeskommunen fekk fylkeskommunen ansvar for å laga ein regional plan for kompetanse. I 2022

etablerte vi også eit regionalt kompetanseforum, der partane i arbeidslivet og aktørane innan utdanning planlegg kompetansetiltak som er til det beste for arbeidslivet og kvar ein av oss.

Klimakrisa gjer at vi må omstille næringslivet, men naturkrisa betyr at vi helst må gjera det utan å bygga ned naturverdiar. Dette krev nytenking og utvikling av industrielle løysingar som kan foreinast med tolegrensene for planeten. Derfor har fylkeskommunen jobba med ein regionalplan for grøn industri. Planprogram blei vedtatt i 2022.

Helsefremmande og inkluderande samfunn

Rammene for vidaregåande opplæring er i kontinuerleg utvikling. Fullføringsreforma gir nye og endra rettar, som utvida rett til vidaregåande opplæring og eit meir fleksibelt skoleår. Det vil få betydning for framtidig dimensjonering av opplæringstilboda og skolebygg. Dei viktigaste endringane trer i kraft når ny opplæringslov trer i kraft i 2024. Fleire av tiltaka er likevel finansiert av øyremerkt tilskotsmiddel, og har derfor allereie starta opp.

Fullføringsreforma er den viktigaste fornyinga av vidaregåande opplæring på fleire tiår. Mykje av innsatsen i skoleutvikling vil handla om å vere godt budde på reforma.

I 2022 starta vi arbeidet med ein regional plan for kultur. Planen skal gje ein felles retning for arbeidet med kunst og kulturtilbod, museum, bibliotek, idrett og frivilligheit. Det endelege planforslaget blir behandla i fylkestinget hausten 2024.

Miljøtiltak

Kor	Kva	Forbrukt 2022
Stavanger katedralskole	Tetting av sykkelparkering	101
Dalane vgs	Nedgrave søppelsystem	2 015
Dalane vgs	Sykkelparkering	986
Karmsund vgs	Sliperom	289
Karmsund vgs	Sykkelgarderober	1 229
Sauda vgs	Sykkelparkering ansatte Lofthus	212
Øksnevad vgs	Oppgradere miljøstasjon og kjøpe små containerar	403
Fylkeshuset	Sykkelparkering	1 731

alle tal i heile 1000, inkludert mva

Enøktiltak

Kor	Kva	Forbrukt 2022
Bryne vgs	Anlegg for tappevatn idrett	731
St. Svithun vgs	Energisentral	1050
Vardafjell vgs	LED belysning idrettshall	186
Vågen vgs	Fjernvarme med vekslar for tappevatn	491
Dalane vgs	Oppgradere varmesentral verkstadbygg	435
Godalen vgs	Ny energisentral	4443
Haugaland vgs	Prosjektering solcelleanlegg	85
Haugaland vgs	Bytte vinduer Eik-bygget	624
Haugaland vgs	Skifte til LED belysning	106
Karmsund vgs	Oppgradering SD anlegg	2143
Karmsund vgs	Gasskjelar skifta ut og bygga om	307
Karmsund vgs	Skifte til LED belysning utandørs	67
Randaberg vgs	Gasskjelar	1050
Sauda vgs	Fjernvarme	2129
Sola vgs	LED belysning verkstad	399
Strand vgs	Vassboren varme + oppgradering varmesentral	219
Strand vgs	Skifte til LED belysning i klasserom	169
Strand vgs	Vassboren varme forsyning	638
Åkra vgs	LED belysning kantine	102
Øksnevad vgs	Solcelleanlegg	1618

alle tal i heile 1000, inkludert mva



Foto: Rune Håheimnes

Vi har markert Frivillighetens år med å gje tilskot til 20 ulike arrangement. Eit av desse var *Sykkelturen 2022*, der frivillige organisasjonar arrangerte ein sykkelstafett frå Nordkapp til Arendalsuka. Første uka i juli passerte Sykkelturen Rogaland, i regi av organisasjonar i Rogaland og med økonomisk støtte frå fylkestinget.

På UKM fylkesfestivalen i Sauda, kunne ungdommar frå heile fylket endeleg møtast att etter pandemien for å vise fram og utvikle egen kreativitet og kulturferdigheitar. Festivalen gjekk som vanleg over ei helg, og ungdommane som deltok var glade for å kunne samlast att etter fleire år med avlysingar på grunn av smittesituasjonen.

Dei vidaregåande skolane har implementert fleire nye læreplanar som følge av fagfornyinga. Dette er første året med nye læreplanar i alle fag på alle trinn. Her blir faga meir praktiske og utforskande, noko som skaper eit grunnlag for refleksjon og kreativitet.

Den kulturelle skolesekken sikrar barn og unge tilgang til kulturaktivitetar uavhengig av foreldrane sin inntekt eller bakgrunn. I 2022 starta vi opp eit prosjekt i samarbeid med Ungdommens fylkesråd og Elevorganisasjonen i Rogaland, for å styrke elevane si medverknad i denne ordninga.

I mars 2022 slapp koronatiltaka endeleg taket i skolane. Likevel blei skoleåret som heilskap påverka med betydelege restriksjonar, periodar med høgt fråvær og avlyste eksamenar. Dette er ein mogleg forklaring på auka fråfall, særleg blant lærlingar, då fleire verkstader var stengde. Oppfølgingstenesta i Rogaland har jobba hardt for å følge opp alle som fell frå, og hjelpe dei tilbake til skolebenken.

PPT har arrangert fleire fagsamlingar for å hjelpe elevar som står i fare for å slutte eller ikkje få vurdering i fag. Vi har også utvida kapasiteten til førebuingstilbod til minoritets- språklege for å kunne møte behovet til ungdommane som kjem frå Ukraina.

Energiforbruk

År	kWh/m ²
2009	151
2010	171
2011	141
2012	139
2013	143
2014	131
2015	123
2016	123
2017	116
2018	110
2019	110
2020	110
2021	112
2022	110

Snitt energiforbruk på heile bygningsmassen til fylkeskommunen. Målsettinga er å redusere med 20 % frå 2009-nivå innan 2020.

Brannsikring

Kor	Kva	Forbrukt 2022
Sandnes vgs	Sanering asbest	1070
Vardafjell vgs	Brannkonsept og seksjonering	534
Vardafjell vgs	Utbetre akustikk	282
Vardafjell vgs	Offentleg pålegg etter el-tilsyn	58
Vågen vgs	Lydabsorbenter klasserom	299
Godalen vgs	Oppgradere brann ledesystem	5
Jåttå vgs	Utskifting nødlysanlegg	490
Randaberg vgs	Utskifting nødlys	81
Randaberg vgs	Oppgradering brannvarslingsanlegg	834
Sauda vgs avd.Sand	Utbetringar i henhold til brannkonsept	102
Sauda vgs	Radonbrønn	197
SOTS	Radontiltak	55
Strand vgs	Utbetring varslingsanlegg	18
Strand vgs	Utskifting nødlys	395
Ølen vgs	Nødlys	115
Øksnevad vgs	Oppgradere brann/nødlys i driftsbygninger	223
Felles	Utskifting av alarmsendere	148

alle tal i heile 1000, inkludert mva

Totalt fekk 163 223 rogalendingar undersøking, behandling eller opplæring i godt tannstell i 2022. Den offentlege tannhelsetenesta har fått utvida mandatet sitt, og 21- og 22-åringane har fått rettar i løpet av 2022. Tannhelse Rogaland FKF leverer eiga årsmelding. Der finn du meir informasjon om aktiviteten og tannhelsetilstanden i fylket.

Attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar

Vi må støtte opp om attraktive lokalsamfunn både i byane og på landet. Kulturarven er sentral for stadidentiteten, og ein rik tilgang på kulturopplevingar aukar livskvaliteten.

Biblioteka er ein svært viktig møteplass i lokalsamfunna, gratis og tilgjengeleg for alle, og ein viktig arena for inkludering. Fylkesbiblioteket bidrar til utviklinga av dei lokale biblioteka i Rogaland, og gjennomførte i 2022 kurs og samlingar for tilsette i biblioteka, med til saman 1 300 deltakarar. Og dette gjev resultat. Biblioteka i Rogaland toppar Norsk Kulturindeks med flest besøk, flest arrangement og høgt utlån. Rogaland hadde den høgste Sommarles-deltakinga i 2022.

Rikssamlingsjubileet blei feira i 2022, med markeringar ved Hafrsfjord og Haugesund/Avaldsnes, saman med vertskommunane Sola, Stavanger, Haugesund og Karmøy. Feiringa mobiliserte breitt, og både musea, teater, lag og organisasjonar bidrog. Igjen segla vikingskip langs Nordvegen, og tapre kjemper i alle aldrar møttast til holmgang (med leikesverd).

Arbeidet med regional kulturmiljøplan er i sluttfasen. Utkast til plan blei sendt på høyring i 2022. Planen skal visa korleis kulturminne, kulturarv og kulturlandskap kan bli utvikla, bevart og formidla i framtida. Vi må ha kunnskap

om korleis vi bygga hus og skip, for å kunne ta vare på og formidle vår egen historie. Det er dessutan klimautslepp og natur å spare ved å ta vare på det vi har. Derfor har vi oppretta ei ny stipendordning til tradisjonshandverkarar som skal fremme fagleg utvikling innan vern av bygningar og fartøy. Den største ordninga fordeler statlege midlar til fartøyvern 12 millionar statlege kroner til fartøyvern. Det kom med fire nye båtar i denne ordninga i 2022.

17 informasjonsskilt om arkeologiske kulturminne blei oppgradert i 2022. I tillegg er eit arkeologisk kulturminne tilrettelagt for publikum for første gong, eit velkomstskilt ved ferjeleiet på Jelsa fortel besøkande om kulturmiljøet kring Jelsavågen.

I november samla vi 160 deltakarar til kommuneplankonferansen, og ein temadag om bustadplanlegging. Vi har gjennomført samlingar i plansamarbeidet på Haugalandet og i Dalane. I tillegg har eit tverrfagleg team frå fylkeskommunen reist på besøk til kommunane som er med i prosjektet om attraktive tettstader i distrikta. Kommunane sett stor pris på den allsidige rådgivinga dei får, når folk frå alle fylkeskommunen sine fagavdelingar stiller opp saman.

Universell utforming

Kor	Kva	Forbrukt 2022
Bryne vgs	Ledelinjer	191
Hetland vgs	UU-rampe	623
Sandnes vgs	Bytte heis A-bygg	2 133
Sandnes vgs	Tilrettelegging ny elev	93
Vardafjell vgs	Utbetra HC-toalett og grupprom	624
Bergeland vgs	Automatiske dørøpnar	109
Dalane vgs	Skiltplan	159
Dalane vgs	Tilkomst tilrettelagt avdeling	774
Jåttå vgs	Lyddemping for elev	54
Karmsund vgs	Ledelinjer	63
Randaberg vgs	Tilpasning for ny elev	385
Sola vgs	TIO - Innredning og utstyr	661
Strand vgs	Spesialtilpassing for ny elev	172
Ølen vgs	Utbetra heis	717
Fylkeshuset	Lyddemping	35
Felles alle eiendommer	Skilting og merking	567

alle tal i heile 1000, inkludert mva



Opplæring

Koronapandemien har prega dei tre siste skoleåra, og har hatt ein betydeleg innverknad på opplæringa. Vi jobbar med å kartlegge konsekvensane og reparere skadane.

Visjonen for utdanninga i Noreg, skissert av kunnskapsdepartementet i 2022, er kunnskap og kompetanse for eit berekraftig Norge. Alle skal delta i arbeids- og samfunnslivet, alle har kompetansen dei og samfunnet treng, og samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.

I tråd med dette har fylkestinget vedtatt følgjande hovudmål og satsingsområdar for vidaregåande opplæring frå 2021 til 2025:

Alle elevar og lærlingar skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring.

Satsingsområda er å

- fremme eit godt læringsmiljø
- vektlegge ei aktiv elev- og lærlingrolle
- kvalifisere til arbeid og studiar
- utvikle profesjonsfellesskap blant dei tilsette på skolane

I mars 2022 slapp koronatiltaka endeleg taket i skolane. Likevel blei skoleåret som heilskap påverka med betydelege restriksjonar, periodar med høgt fråvær og avlyste eksamenar. Dette er ein mogleg forklaring på auka fråfall, særleg blant lærlingar, der fleire verkstader var stengde. Oppfølgings-tenesta i Rogaland har jobba hardt for å følge opp alle som fell frå, og hjelpe dei tilbake til skolebenken.

Forhåpentlegvis kan vi i inneverande skoleår gjennomføre det første ordinære skoleløpet på tre år. Skolane har gjort ein utmerka jobb til tross for dei store avgrensingane. Eit lyspunkt i det heile er at både lærarar og elevar har fått ein solid kompetanseheving i bruk av digitale verktøy.

Kvalitetsmeldinga for 2022 gir ei grundig samanstilling av skoleåret 2021/22 og er å finne på Rogaland fylkeskommune si heimeside.

Resultat

Skoleåret 2021/2022 fullførte og bestod 87,3 prosent av elevane vidaregåande skole. Det har vore ein svak reduksjon i gjennomføringa i løpet av dei siste fem til seks åra, frå 83,3 % for 2014-kullet til 82,8 % for 2015-kullet. Årsaka er at det var ein uvanleg stor auke i gjennomføring frå 2013-kullet (80,5 %) til 2014-kullet, som no blir korrigert.

I 2022 leverte vi

- skoleplass til 16417 elevar i vidaregåande skole
- læreplass til 5589 lærlingar og 155 lære-kandidatar
- 3809 nye fagarbeidarar, av desse var 1102 praksiskandidatar og 92 elevar i vg3 fagopplæring i skole. I tillegg avla 40 lære-kandidatar kompetanseprøve.
- 11 500 privatisteksamenar

I 2022 leverte vi vaksenopplæring til 4318 deltakarar

- vaksenopplæring til 4318 deltakarar
- fagskoleutdanning til 1244 studentar
- nettbasert vidaregåande opplæring til 592 elevar
- kompetanseutvikling for 138 lærarar gjennom programmet Kompetanse for kvalitet og for 46 lærarar gjennom Yrkesfagløftet
- karriererettleiing til 1928 brukarar

Utviklingsarbeid

I 2022 har vi

- starta utbygging av skolar for å ta imot fleire elevar i samband med fullføringsreforma som trer i kraft i 2024.
- implementert fleire nye læreplanar som følge av Fagfornyinga. Dette er første året med nye læreplanar i alle fag på alle trinn. Her blir faga meir praktiske og utforskande, noko som skaper eit grunnlag for refleksjon og kreativitet.
- rekruttert nye prøvenemndmedlemmer som skal sensurera fag- og svenneprøvar for dei nye læreplanane. Desse skal sitte i fem år i staden for fire som er vanleg, for å kunne førebu dei tilstrekkeleg til å vurdere ut ifrå dei nye læringsmåla. Første fag- og svenneprøve etter ny læreplan blir våren 2024.
- starta «Prosjekt inkludering og tilpassa opplæring». Målet i prosjektet er å skape inkluderande skolar for alle elevar i Rogaland fylkeskommune. Ein inkluderande skole inneber at dei som har behov for ekstra støtte kan få dette i dei ordinære klasseromma, slik at dei får ein tilhøyrse til fellesskapet.
- fått vedtatt planprogrammet for regional kompetanseplan, som skal vere ferdig i 2023.
- arrangert to samlingar i regi av Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) med tema «laget rundt eleven» og «skolevegving». Samlingane blei laga for oppfølgingsansvarlege på skolane, som hjelper elevar som står i fare for å slutte eller ikkje får vurdering i fag.
- utvida kapasiteten til førebuingstilbod til minoritetsspråklege for å kunne møte behovet til ungdommane som kjem frå Ukraina.
- vedtatt at UngInvest skal vere eit fast tilbod etter ein prøveperiode på tre år. UngInvest er eit styrkebasert opplæringstilbod for ungdommar mellom 16 og 24 år som står utanfor utdanninga. Ungdommane søker seg inn via Oppfølgingstenesta.
- kome i gang med nye tiltak og vidareført gamle tiltak for læringsmiljø, til dømes sosiale tiltak for hybelbuarar, skoleprogram «VIP – Snakk om det», kurs i skolemeistring, Windjammer, autismenettverk, med meir.
- endra struktur i opplæringsavdelinga for å leggja til rette for betre tverrfagleg samarbeid».

Elevar i vidaregåande opplæring

Elevar, lærlingar og lærarar i Rogaland per 1. oktober, utvikling frå 2016/2017 til 2021/2022.

	2021/2022	2020/2021	2019/2020	2018/2019	2017/2018	2016/ 2017
Elevar ved fylkeskommunale vgs	16417	16526	16404	16603	16929	16965
Elevar i private skoler	1932	1889	1838	1753	1770	1792
Lærlingar med læreplass i Rogaland	5589	5324	5432	5009	4778	4653
Lærekandidatar i Rogaland	188	155	112	101	90	90
Elevar i Vg3 fagopplæring i skole	78	85	141	26	71	113

Kilde: Udir

Vaksenopplæring

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Talet på vaksne søkarar	1465	1631	1357	1397	1469	1528	1352	1168	1015	800	853
Talet på realkompetansevurderte	259	243	325	236	316	302	298	254	270	320	336
Talet på vaksne under opplæring	4318	3882	3206	2851	2702	2360	2018	1774	1657	1622	2102

Kilde: vigo voksen

Fagopplæring

	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Talet på nye lærlingar	3092	3026	2555	2830	2618	2489	2177	2374	2685	2892	2864
Talet på nye elevar i fagopplæring i skole	90	77	166	51	97	117	158	8	-	-	-
Talet på nye kontrakter, fagbrev på jobb	65	78	42	-	-	-	-	-	-	-	-
Talet på nye lærekandidatar	102	97	69	61	54	55	37	45	64	55	55
Talet på avlagte fag- og svenneprøvar	3360	3561	3128	3331	3016	3119	3312	3240	3115	2751	2638

Kilde: Udir

Byggeprosjekt – vidaregåande skolar

Kor	Kva	Forbrukt 2022
Dalane vgs	Ventilasjon/renovering tekniske anlegg	0,69
Godalen vgs	Rehabilitering og nybygg auka kapasitet	143,24
Haugaland vgs	Nytt verkstadbygg	6,38
Haugaland vgs	Rehabilitering tak	9,84
Øksnevad vgs	Riving og nybygg, auka kapasitet	0,44
Ølen vgs	Ombygging av administrasjonslokaler	17,45
Åkrehamn vgs	Rehabilitering areal byggfag (F-bygget)	26,18
Hetland vgs	Nybygg for elevvekst, 270 elevar	81,76
St. Olav vgs	Riving og nybygg, auka kapasitet	2,19
Jåttå vgs	Mellombels bygg for mellombels vekst (Hinna)	2,17
Skeisvang vgs	Rehabilitering og nybygg	9,33
Sola vgs	Oppgradere teknisk anlegg	40,96
Jåttå vgs	Bytte av ventilasjonsanlegg	0,53
Fylkeshuset	Rehabilitering og nybygg	19,66
Strand vgs	Rehabilitering og nybygg auka kapasitet	4,12
Sandnes vgs	Etterisolering og takteking bygg A	0,53
Ølen vgs	Utvendig rehabilitering	8,21
SOTS	Rehabilitering og nybygg	1,29

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Foto: Elisabeth Tønnesen

Rekneskap 2022

Stab, støtte og fellesutgifter	PPT	Fagopplæring	Vidaregåande opplæring	Fagskolen	Vaksen-opplæring	Kriminal-omsorgen	Netto utgifter
8,2	26,7	453,1	2559,2	5,0	38,7	-0,7	3090,2

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik
Lønn (inkl. sykelønnsrefusjon)	2690,1	2736,9	46,8
Andre driftsutgifter	1124,4	944,1	-180,3
Sum utgifter	3814,5	3681,0	-133,6
Sum inntekter	-724,4	-526,7	197,6
Netto resultat for drift	3090,2	3154,3	64,1

Investeringar 2022	
Plan og tilrettelegging	55,7
Inventar og utstyr	67,6
Byggeprosjekter	383,2
Sum investeringar	506,4

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Samferdsel

2022 har vore eit godt og stabilt år, både med tanke på investering og drift- og vedlikehald. Men uroa i verda har gitt ei svært høg auke i prisar, noko som har resultert i at investeringskostnadane har skote i veret.

Det er stor byggeaktivitet, både nord- og sør for Boknafjorden.

I Bussveien, som er det største prosjektet i fylkeskommunen, har vi starta bygging på tre nye delstrekningar, to i Stavanger og ei i Sandnes. Vi opna også ei anna av bussveistrekningane i 2022; den mellom Gausel stasjon og Nådlandsbråtet. I tillegg er det full byggeaktivitet for å gjere Karmsundgata breiare og betre både for bilar og myke trafikantar. Vi starta også bygging på to viktige prosjekt i Bymiljøpakken: gang- og sykkelveg mellom Ølberg og Vigdel og kollektivtrasé mellom Jåttå og det nye sjukehuset på Ullandhaug.

Dette jobbar vi årleg med:

- Drift, vedlikehald og utvikling av fylkesvegnettet, til saman 2500 kilometer veg, som er 85 prosent av vegnettet i fylket vårt.
- Vi styrker miljøvennleg transport i byområda på Jæren og på Haugalandet, mellom anna gjennom utvikling av eit høgverdig kollektivsystem.
- Skoleskyss og tilrettelagt transport (TT-ordning), trafikktryggleik og oppfølging av drosjeløyve, selskapsvognløyve og ruteløyve.

Resultat

Viktige aktivitetar i 2022:

- Oppstart av ny driftskontrakt, Stavangerkontrakten, for fylkesvegar på store delar av Jæren og Nord-Jæren.
- Arbeid med konkurransegrunnlag for driftskontrakten i Dalane, som skal ha oppstart i 2023.
- Arbeid med tunneloppgradering av fylkesvegtunnelar. Fråfjordtunnelen nærma seg ferdig ved utgangen av året.

I 2022 blei følgande prosjekt fullført:

- Lona bru (bru-forsterking)
- Knapphus-Sandeid
- Juvselva bru
- Strømsbrua
- Helgøy-Mosnes
- Gamleveien Sokndal
- Torvmyrveien (Bymiljøpakken)
- Stokkaveien, Wesselsgt-Murveien (Bymiljøpakken)
- Elvegata del 1, Oalsgtata-Vågsgjerdveien (Bymiljøpakken)
- Gausel stasjon-Nådlandsbråtet Bussveien/Bymiljøpakken)
- Veakrossen (Haugalandspakken)

I tillegg har vi:

- lagt nytt asfaltdekke på omtrent 112 kilometer fylkesveg
- utført hovudinspeksjonar med dykkar på alle kaiar i fylket
- utført alle pålagde bruinspeksjonar for 2022
- erstatta Skadsem bru med ei midlertidig bru, i påvente av kontroll og godkjenning
- sett opp nytt rekkverk på Tungland bru
- reparert asfaltdekket på Soknasund bru, Åmøy bru og Bjergøy bru

Utvikling

- *gratis ferjer:* Haugesund–Utsira-ferja, Ryfylkeferja og Finnøyferjene blei gratis som følge av initiativ med tilhøyrande finansiering frå regjeringa
- *bompengepakkar på Haugalandet:* Rogaland fylkeskommune har løyva planmiddel til vidare arbeid, og fleire utgreiingsarbeid er i slutfasen
- *Rogaland Revisjon* har gjennomført forvaltningsrevisjon om vedlikehald av fylkesvegar
- nytt handlingsprogram for fylkesvegane
- har jobba med å utvikla organisasjonen til å bli meir berekraftig og framtidsretta
- sett i drift Medstraum, den første heilelektriske hurtigbåten i verda




Foto: Bjørn Egil Gilje

Frå opninga av Helgøy bru.



Foto: Siri Jacobsen Sæverud

Rekneskap 2022

Stab, støtte og fellesutgifter	Transport og mobilitet	TT (tilrettelagt transport)	Bymiljøpakken	Trafikksikringstiltak (FTU)	Kollektiv (buss, båt, ferje)	Vegar	Netto utgifter
-83,4	15,959	25,8	0,0	13,5	1306,1	756,8	2034,8

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik
Løn	99,4	104,8	5,4
Andre driftsutgifter	2950,8	2874,3	-76,5
Sum utgifter	3050,2	2979,1	-71,1
Sum inntekter	-1015,4	-972,4	43,0
Netto driftsresultat	2034,8	2006,7	-28,2

Investeringar 2022	
Utlån	0,0
Avsetning fond	658,7
Aksjer og andelar	29,0
Vegar	1845,2
Sum investeringar	2532,9

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Kultur- og næringsutvikling

I 2022 har avdeling for kultur og næring langt på veg kome tilbake til normal drift, etter å ha vore hardt ramma av koronapandemien og tiltaka som var sett i verk. Den krevjande situasjonen blei forsterka av den heilt ekstraordinære pris- og kostnadsveksten både nasjonalt og internasjonalt, spesielt på energifeltet.

Hovudoppgåvene til avdelinga er allmenn kultur, idrett og kulturminnevern og og å utvikle næringa. Vi forvaltar fylkeskommunen sitt ansvar som sektormyndigheit innanfor kultur- miljøvern, og vi fordeler tilskot til ulike aktørar. Vi har dessutan ei viktig rolle i forvaltinga av statlege verkemiddel innan sektoren for kultur og næring.

Seksjon for allmenn kultur

Seksjon for allmenn kultur arbeider for å styrke kulturfeltet i Rogaland i vid forstand.

Det omfattar idrett, frivillige organisasjonar, bibliotek og dei tradisjonelle kunstfelta, og rettar seg mot dei yngste til dei eldste i heile fylket. Styrkinga inkluderer verkemiddel som tilskot og stipend, prosjekt, produksjon og formidling.

Resultat

- I 2022 fordelte vi 218 millionar kroner frå tilskotsordningar innan allmenn kultur og idrett.
- Fylkesbiblioteket gjennomførte 19 kurs, 2 seminar og 37 faglege samlingar for tilsette i biblioteka i Rogaland, med til saman 1 300 deltakarar. Biblioteka i Rogaland toppar Norsk Kulturindeks med flest besøk, flest

arrangement og høgt utlån. Rogland hadde den høgste Sommarles-deltakinga i 2022.

- Portalen for Den kulturelle skolesekken, er no teke i bruk av alle kommunane og skolane i Rogaland. Portalen samlar, effektiviserer og gjer alt tilgjengeleg på ein nettstad i eit felles fagsystem.
- UKM-fylkesfestival var i 2022 lagt til Sauda kommune.

Utvikling

- Arbeidet med ny regional plan for kultur er godt i gang. Det endelege planforslaget blir lagt fram til behandling i fylkestinget hausten 2024.
- Prosjektet Dagsturhytta Rogaland blei etablert hausten 2020 i samarbeid med Sparebankstiftelsen SR-Bank. Per 2022 er 22 av 28 dagsturhytter ferdig bygde.
- Den kulturelle skolesekken har starta opp eit prosjekt i samarbeid med Ungdommens fylkesråd og Elevorganisasjonen i Rogaland, for å styrke elevane si medverknad i denne ordninga.

Kulturarv

Seksjon for kulturarv arbeider for ei god forvalting av Rogaland si nasjonale og regionale

kultur- og naturarv, og skal skape innsikt og forståing om vår eiga historie og identitet.

Det gjer vi ved å

- drive saksbehandling og arkeologiske undersøkingar for å sikre at kulturminne frå steinalder til nåtida blir teke vare på ved behandling av plan og byggesaker
- bidra til regionale utviklings- og planprosessar
- gje tilskot for å ta vare på kulturarven
- bidra i utvikling av museumssektoren

Resultat

- Fylkeskommunen har laga regionalplan for kulturmiljø på grunnlag av planprogrammet som blei vedtatt i 2021.
- Det blei oppretta ei ny stipendordning til tradisjonshandverkarar som skal fremme fagleg utvikling innan bygnings- og fartøyvern.
- Fylkeskommunen vurderte i 2022 forholdet til automatisk freda kulturminne i 2026 saker, og det blei fatta 55 dispensasjonsvedtak.
- Det er gjennomført 48 arkeologiske registreringar. I 27 av sakene blei det gjort funn av automatisk freda kulturminne, og 28 nye arkeologiske kulturminne blei registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen.

- Dei arkeologiske registreringane i prøveprosjektet Arkeologi på nye veier blei slutført i 2022.
- Rikssamlingsjubileet ble feira i 2022 med markeringar ved Hafrsfjord og Haugesund/Avaldsnes, saman med vertskommunane Sola, Stavanger, Haugesund og Karmøy.
- 18 informasjonsskilt om arkeologiske kulturminne ble oppgradert i 2022.

Utvikling

- Talet på saker der fylkeskommunen har vurdert forholdet til automatisk freda kulturminne gjekk litt opp i 2022.
- Riksantikvaren og Nye Veier avgjorde i 2022 å avslutte prøveprosjektet for ny E39, «Arkeologi på nye veier» gjennom ei styrt avvikling. Dei arkeologiske registreringane er ferdige, men fleire utgravingar står enno att. Vi jobbar vidare med å ferdigstille rapportar, publikasjonar med meir for de arbeida som alt er utførde.
- I 2022 gjennomførte vi eit forprosjekt for deling av kunnskap om og formidling av kulturhistorie og kulturhistoriske landskap kring tre av dagsturhyttene i fylket.

Tilskotsordningar

	Beløp	Type midler
Regionalt næringsfond	3 603 000,00	Fylkeskommunale midlar
Kap.553, post 65: Omstilling	3 000 000,00	Statlege midlar
Kap.553, post 61: Mobiliserande og kvalifiserande næringsliv (Siva og IN)	25 650 000,00	Statlege midlar
Kap. 553, post 62: Kompetansepilotar	1 500 000,00	Statlege midlar
Kap. 553, post 69: FORREGION(VRI Rogaland)	6 500 000	Fylkeskommunale og statlege midlar

	Beløp	Type midler
Kap. 286, post 60: Regionale forskningsfond (RFF)	13 649 000	Statlege midlar
Regionale tilretteleggingsmidlar i landbruket (RT-midlar)	3 400 000	Statlege midlar
Rekruttering og kompetanseheving i landbruket (RK-midlar)	1 000 000	Statlege midlar
Kompetansenettverk for lokalmat	2 162 000	Statlege midlar
Levande og attraktive bygder og grender – 5 fylke	1 400 000	Statlege midlar
Kystskogbruket	500 000	Statlege midlar
Bedriftsintern opplæring (BIO)	4 403 000	Statlege midlar – rammeoverføring
Mentor og praktikantordning for innvandrarar/ etableraropplæring for innvandrarar	1 400 000	Statlege midlar
Breiband	13 542 000	Statlege midlar
Ulla- Førrefondet	35 000 000	Ulla-Førrefondet
Distrikts- og regionalpolitisk tilskot	5 842 000	Statlege midlar – rammeoverføring
Tilskot på landbruket	674 000	Statlege midlar – rammeoverføring
Sum Næring	123 225 000	
Støtte til allment kulturarbeid	3 000 000	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til basisfinansiering innan det frie profesjonelle kunstfeltet	1 000 000	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til frivillige organisasjonar (innan det kulturpolitiske området)	4 500 000	Fylkeskommunale midlar
Festivalstøtte	1 000 000	Fylkeskommunale midlar
Støtte til internasjonale idrettsarrangement	500 000	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til regionale idretts- og kulturbygg	14 000 000	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til bibliotekutvikling	700 000	Fylkeskommunale midlar
Kulturstipend	1 600 000	Fylkeskommunale midlar
Utlån av kunstnarbustader	120 000	Fylkeskommunale midlar
Utviklingsstipend for antikvariske handverkarar	150 000	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til verneverdige bygg og anlegg	1 500 000	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til kulturelle og kreative næringar	1 035 000	Fylkeskommunale midlar
Tilskot til fartøyvern (SAVOS)	1 900 000	Fylkeskommunale og statlege midlar (50/50)
Tilskot til fartøyvern post 74	15 000 000	Statlege midlar
Tilskot til teknisk industrielle kulturminne	900 000	Statlege midlar
Tilskot til brannsikring av tette trehusmiljø	725 000	Statlege midlar
Tilskot til mellomalderhus frå før 1537 post 73	50 000	Statlege midlar
Tilskot til freda bygg og anlegg	3 550 000	Statlege midlar
Spelemdlar til kulturbygg	4 893 000	Statlege midlar
Spelemdlar anlegg for idrett og fysisk aktivitet	184 603 000	Statlege midlar
Den kulturelle spaserstokken	1 000 000	Statlege midlar – rammeoverføring
Sum kultur	241 726 000	
Sum kultur og næring	364 951 000	

alle tal i heile kroner

Næring

Seksjon for næring er pådrivar for kompetanse, endring og omstilling, og koordinerer og samarbeider med ei rekke aktørar. Slik skapar og legg vi til rette for næringsutvikling i heile Rogaland, ved hjelp av ulike verkemiddel forankra i vår strategi for næring og innovasjon. Rogalandsmodellen er vår eigen metodikk for samspel og løysing av konkrete utfordringar.

Året har vore prega av godt regionalt samarbeid for å samordna og sette i gang tiltak for

næringsliv, kommunar og andre samarbeids-
partar. Dei ulike økonomiske verkemidla frå fylkeskommunen for næringsutvikling har hatt god pågang.

Resultat

- 15 bedrifter fekk 4,3 millionar kroner til bedriftsintern opplæring (bedrifter i omstilling som treng ny kompetanse).
- Regionalt forskingsfond Rogaland (RFF) tildelte 13,5 millionar kroner til ni forprosjekt og fire hovudprosjekt.



Foto: Maren Ege Tjorålt

- VRI Rogaland innvilga 1,2 millionar kroner til forprosjekt, 253 bedrifter fekk bistand frå kompetansemeklarane, i tillegg fekk åtte nettverksmøte og elleve student til lånsprosjekt stønad.
- Skape gjennomførte 108 kurs for 1194 etablerarar og 493 kundar fekk individuell rådgiving.
- 39 prosjekt fekk innvilga støtte på 5,0 millionar kroner til tilrettelegging, rekruttering og kompetansetiltak i landbruket.
- Regionalt næringsfond tildelte 3,8 millionar kroner i støtte til 24 prosjekt i kommunar, interkommunale selskap og verksemdar med kommunal eigarskap.
- Det blei tildelt 13,5 millionar kroner i breibandstøtte til kommunane.
- Ulla-Førrefondet fekk inn 27 søknader for 2022-utlysinga. Seks av søkjarane fekk tilsegn på til saman 23 millionar kroner.
- Innovasjon Noreg og Siva fekk overført 25,6 millionar kroner til bedrifter innan deira felt.
- Eigersund kommune fekk som einaste kommune 3 millionar kroner til omstilling over statsbudsjettet.
- I 2022 blei 27 av dei nye søknadene om tilsegn til nye og eksisterande akvakultur-lokalitetar og akvakultur av nye artar, avslutta med enkeltvedtak.

Utvikling

- Nærings- og innovasjonsstrategien er følgt opp innanfor satsingsområda rein energi og maritim framtid, mat, reiseliv og oppleving. Smarte samfunn er gått ut som eige satsingsområde då strategien blei revidert. Fylkeskommunen har sett på kva innsats og kva verkemiddel vi skal prioritera.
- Vi har laga ny matstrategi for Rogaland.
- Som vert for Stavangerregionen sitt Europa-kontor og ved tilsetjing av ein eigen EU-rådgivar, har vi jobba aktivt for å mobilisera kommunar, næringsliv, academia og andre relevante aktørar i heile fylket til å ta del i EU sitt nettverk, prosjekt og program.
- Kompetansenettverk for lokalmat i Sør-Noreg omfattar Rogaland og Agder fylke: Rogaland fylkeskommune får midlar frå Landbruks – og matdepartementet og leier styringsgruppa for nettverket. Det blei løyvd 2,3 millionar kroner til arbeidet i 2022. Nofima forvaltar ordninga som mellom anna består av ei besøksordning for lokalmat-produsentar, og ulike kurstilbod.

VRI Rogaland

Resultat VRI Rogaland 2022:

Antall bedrifter som fekk bistand frå kompetansemeklar over tid	253
Antall bedrifter som fekk støtte til forprosjekt	6
Totalt støttebeløp forprosjekt	1 199 500
Antall nettverksmøte	8
Antall student-til-låns-prosjekter	11

alle tal i heile kroner

Skape

	Antal kursdeltakarakar (inkl. seminar)	Individuell rådgivning - antal deltakarakar	Individuell rådgivning - antal timar
2020	2609	493	523
2021	1666	352	383
2022	1194	493	502
Antal gjennomførte kurs 2020	143		
Antal gjennomførte kurs 2021	92		
Antal gjennomførte kurs 2022	108		



Foto: Trine Nessler Wichmann

Rekneskap 2022

Stab, støtte og felles-utgifter	Bibliotek	Kunstfor-midling	Kunst-produksjon	Idrett	Andre kultur-aktiviteter	Kultur-minnefor-valtning	Museer	Nærings-utvikling	Scape	Ulla-Førre-fondet	Netto utgifter
24,3	8,4	14,5	56,0	23,4	10,5	27,3	50,5	24,6	1,2	0,0	240,8

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik
Løn	76,2	81,0	4,8
Andre driftsutgifter	576,7	477,6	-99,1
Sum utgifter	652,9	558,5	-94,3
Sum inntekter	-412,1	-317,3	94,8
Netto driftsresultat	240,8	241,2	0,4

Investeringar 2022	
Kjøp av aksjer og andelar	1,5
Bergesenhuset	0,0
Sum investeringar	1,5

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Plan, miljø og samfunn

Energisikkerheit, straumprisar og tilgang på fornybar kraft har vore viktige tema i 2022. Samtidig auka merksemda kring natur og arealbruk, og i desember underteikna Noreg FN si naturavtale i Montreal.

Energitilgang og energiprisar har fått mykje merksemd i året vi har lagt bak oss. Den russiske invasjonen i Ukraina har skapt eit sterkt ønske i Europa om å gjere seg uavhengig av importert russisk naturgass. Det har sett ny fart i europeisk energiomstilling, og styrka satsinga på utbygging av fornybar energi i Europa. Dilemma og krevjande avvegingar oppstår rundt behovet for produksjon og distribusjon av fornybar energi, og behovet for å ta vare på urørt natur og ubygde areal. I slike saker er det avgjerande med gode utgreiingar av konsekvensar og eit best mogleg faktagrunnlag for å ta avgjerder. Plan-, miljø- og samfunnsavdelinga har i 2022 til dømes jobba med innspel til straumnettutvalet, ulike kommunale planar, utviding av demonstrasjonsanlegg for flytande vindturbinar og ikkje minst regionalplan for grøn industri.

Avdelinga har også følgd opp hovud-prioriteringane i verksemdstrategien til fylkeskommunen. Desse bidrar på ulikt vis inn i arbeidet med å nå dei viktige måla i Utviklingsplan for Rogaland 2021–2025, særleg når det gjeld klimaomstilling og livskraftig naturmiljø, helsefremmande og inkluderande samfunn, og attraktive lokalsamfunn, byer og tettstader.

Dette jobbar vi med:

- Vi gir gode råd til kommunane om areal- og transportplanlegging.
- Vi bidrar til gode bumiljø, attraktive tettstader, betre folkehelse og tilgjengelege samfunn.
- Vi vernar om matjord og forvaltar vassmiljø, friluftsområde og natur.
- Vi arbeider med klimatilpassing og med å redusere klimagassutsleppa i heile Rogaland og i fylkeskommunen som organisasjon. Samtidig skal vi sjå utfordringar og moglegheiter mellom klima og andre fagområde.
- Vi genererer kunnskap i form av kart, statistikk og analyse som støttar fylkeskommunen sitt arbeid.
- Vi koordinerer det internasjonale arbeidet i fylkeskommunen.

Vi har også starta opp arbeidet med Utviklingsplan for Rogaland – regional planstrategi 2025–2028. Utviklingsplanen er det øvste styringsdokumentet for fylkeskommunen og utarbeiding av denne er ei lovpålagt oppgåve. Planen er at ny utviklingsplan skal bli vedtatt av fylkestinget i oktober 2024.



Foto: Elisabeth Tønnessen

Resultat

I 2022 er det særleg tre saker som er viktige å trekke fram:

- Vi har arbeidd med regionalplan for grøn industri. I dag har vi både ei natur- og ei klimakrise. Klimakrisa kan ikkje løysast ved massiv nedbygging av natur. Dette krev nytenking og utvikling av industrielle løysingar som kan foreinast med tolegrensene for planeten.
- Vi starta opp arbeidet med ein regionalplan for klimaomstilling. Planen tar tak i behovet for å raskt redusere klimagassutslepp, handtere klimarisiko, ivareta naturverdiar og tilpasse oss til klimaendringane.
- Vi starta opp arbeidet med ein regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet. Hovudmål for planen vil vere knytt til å bevare natur, kulturmiljø og landskap i Preikestol- og Lysefjordområdet, og samtidig legge til rette for reiselivsbasert næring.

Andre viktige milestolpar i 2022:

- Klimaråd Rogaland blei oppretta av fylkestinget i februar 2022. Klimarådet skal følge opp regionale klimaplanar og bidra til å auke politisk samordning og dialog om viktige klimasaker for Rogaland.
- Klimatilpassingsforum Rogaland blei oppretta siste halvår i 2022. Dette vil vere ein samlande møteplass for alle som har ansvar for og interesse for klimatilpassing i Rogaland. Forumet bidrar til erfaringsutveksling, idémyldring, kunnskapsheving og innovasjon.
- Rogaland fylkeskommune er vald ut til EUs samfunnsoppdrag (Mission) for klimatilpassing, eit samarbeidsnettverk med meir enn 200 europeiske regionar og lokalsamfunn. EUs Missions er ein ny måte å få til konkrete løysingar på dei største samfunnsutfordringane vi har. Det er satt ambisiøse mål om å få til resultat innan 2030, i tråd med berekraftsmåla til FN.

- Vi har rettleia og støtta fleire vidaregåande skoler i prosessen med å bli miljøsertifisert gjennom Miljøfyrtårn-ordninga. I 2022 blei Vågen vgs., Karmsund vgs. og Sauda vgs. sertifisert.
- Regional plan for vassforvaltning i Rogaland (2022–2027) blei nasjonalt godkjent av departementa i oktober 2022. Planen skal bidra til ei heilskapleg forvaltning av vatnet vårt, og til å oppnå vassmiljømåla.
- Informasjonsbrosjyre om tiltak i vatn og vassdrag frå 2010 blei oppdatert i samarbeid med Statsforvaltaren. Brosjyren tar sikte på å klargjere vassdragsregelverket.
- Vi har fullført prosjektet «Sentrale mottaks- og gjenvinningsanlegg for overskotsmasser på Jæren», og publisert ein sluttrapport i mai 2022. Prosjektet er ei oppfølging av handlingsprogrammet til regionalplan for massehandtering på Jæren 2018–2040, og fylkeskommunen har fått Klimasats-middel til gjennomføring av prosjektet.
- Vi har starta arbeidet med utvikling av ein internasjonal strategi for fylkeskommunen.
- Vi har markert Frivilligheitas år med å gje tilskot til 20 ulike arrangement.
- Vi overtok sekretariatsansvaret for Vestkystparken, som er eit samarbeid mellom Statens Naturoppsyn (SNO), fylkeskommunane i Rogaland og Vestland og friluftsråda for å drifte ei lang rekke friluftslivsområde langs kysten frå Åna-Sira til Stadlandet.
- Fylkeskommunen sin miljøpris blei delt ut til Ståle Pedersen frå Karmøy som rydda nær åtte tonn søppel frå Haugalandskysten i 2022.
- Vi delte ut pengar gjennom åtte ulike tilskotsordningar som blir forvalta av avdelinga. I 2022 fekk i alt 82 prosjekt tildelt til saman nærmare 9,5 mill. kroner.

Tilskotsordning

	Tal på prosjekt	Tildelt kroner
Tilskot til friluftslivsarbeid	17	2 146 250
Tilskot til klimaomstilling	5	1 000 000
Tilskot til folkehelsearbeid	7	1 250 000
Tilskot til natur- og miljøtiltak	10	407 000
Tilskot til universell utforming	9	1 350 000
Tilskot til vassmiljøtiltak	18	1 700 000
Tilskot til attraktive tettstader	11	1 546 875
Tilskot til fremme av innlandsfiske i Rogaland	5	85 240
Til saman	82	9 485 365

alle tal i heile kroner

Utvikling

- Vi rettleier kommunane innanfor fagområdet arealplanlegging gjennom regionalt planforum, møter med kommunane og fråsegn i plansaker. I 2022 sende vi 644 brev i slike saker, ei lita auke frå året før. Hovuddelen av kontakten vår med kommunane gjeld reguleringsplansaker, men i 2022 har vi òg gitt rettleiing og faglege innspel til 14 kommunar i samband med utarbeiding av ny kommuneplan og/eller kommunedelplan.
- Vi har vidareutvikla klimagassrekneskap og klimabudsjett som styringsverktøy for fylkeskommunen. I klimabudsjettet blei det blant anna for første gong presentert ein prognose fram mot 2030 for dei kartlagde klimagassutsleppa som fylkeskommunen har ansvar for.
- Gjennom prosjektet *Attraktive tettstader i distrikta i Rogaland* (tettstadprosjektet) har vi god dialog med mange av kommunane i fylket og gjev tilskot til tiltak som skal utvikle attraktive tettstader i distrikta, i form av auka livskvalitet og styrka busetting, sysselsetting og verdiskaping.
- Vi har gitt faglege råd og oppdateringar kvar veke til politikarar med internasjonale verv. Fylkesordføraren blei i løpet av året vald inn som visepresident i Nordsjøkommisjonen.
- Vi har arbeidd med å forankre internasjonalt samarbeid i fylkeskommunen, og kvar fredag har vi sendt ut e-post til ei rekke interessentar om internasjonalt arbeid.
- Vi følger opp fylkesdelplan for universell utforming. Dette er ein kontinuerleg prosess med arbeid på tvers av avdelingane internt i fylkeskommunen.
- Vi har jobba med konkrete prosjekt som skal fremme sunne levevanar, som til dømes Fiskesprell, kantinenettverk og skolefrukost.
- Vi er tett på tiltakskommunar i program for folkehelsearbeid for å fremme psykisk helse og rusførebyggande arbeid for barn og unge.



Foto: Unsplash.com / Oleksii Topolianskyi

Rekneskap 2022

Stab, støtte og fellesutgifter	Planlegging og utgreiing	Vassforvaltning	Friluftsliv og miljøtiltak	Folkehelse	Internasjonalt arbeid	Universell utforming	Netto utgifter
4,4	24,2	5,2	15,5	7,7	1,2	3,3	61,5

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik
Løn	31,0	32,2	1,2
Andre driftsutgifter	59,2	35,4	-23,8
Sum utgifter	90,2	67,6	-22,6
Sum inntekter	-28,7	-1,9	26,8
Netto driftsresultat	61,5	65,7	4,2

alle tal i millionar kroner



Tannhelse

Tannhelse Rogaland har i 2022 arbeidd med forbetningsområde og aktivt med internkontroll, for å sikra at føretaket er i tråd med regelverket. Det har særleg vore merksemd på medisinsk utstyr, dekontaminering og pasientavvik.

Den offentlege tannhelsetenesta har fått utvida mandatet sitt, og 21- og 22-åringane har fått rettar i løpet av 2022. Dette er i tråd med den overordna helsepolitikken, der ei styrking av det offentlege står sentralt.

Eit av Tannhelse Rogaland sitt viktigaste mål er å sikre nok fagfolk med rett kompetanse i den offentlege tannhelsetenesta i fylket. Vi jobba heile året systematisk med dette gjennom eit styrka kunnskapsgrunnlag og forslag til treffsikre tiltak for åra framover. Slik skal Tannhelse Rogaland utdanna, rekruttera, og behalda kvalifisert personell i tannhelsetenesta, og

møte utfordringane i tenesta både på kort og lang sikt.

Totalt fekk 163 223 rogalendingar undersøking, behandling eller opplæring i godt tannstell i 2022.


Tannhelse Rogaland FKF leverer eiga årsmelding. Der finn du meir informasjon om aktivitetar i føretaket og tannhelsetilstanden i fylket. Vi viser til denne for nærare detaljar om tenesteleveransen. Årsmelding og rekneskap er tilgjengeleg på www.tannhels erogaland.no

Rekneskap 2022


	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik
Løn	0,0	0,0	0,0
Andre driftsutgifter	291,4	291,4	0,0
Sum utgifter	291,4	291,4	0,0
Sum inntekter	0,0	0,0	0,0
Netto driftsresultat	291,4	291,4	0,0

alle tal i millionar kroner

Medarbeiderar og organisasjonsutvikling



Administrativ organisering



Det var ved årsskiftet 4291 tilsette, som utførte 3810 årsverk. Av disse er 2623 kvinner (61 prosent) og 1668 menn (39 prosent). Ved årsslutt var det like under 100 lærlingar i ulike fylkeskommunale lærebedrifter, innan

10 ulike lærefag. Gjennomsnittsalderen for tilsette i fylkeskommunen er 47 år. I Tannhelse Rogaland FKF er det 397 medarbeidarar, av desse er 354 kvinner (89 prosent) og 43 menn (11 prosent).

Det totale sjukefråværet i fylkeskommunen er 5,57 prosent i 2022. I dei vidaregåande skolane er det totale sjukefråværet 5,47 prosent og i sentraladministrasjonen 6,3 prosent.

Organisasjonen arbeider for å legge til rette for utvikling, sikre effektiv arbeidsflyt og gjere dei tilsette i fylkeskommunen i stand til å utføra ein god jobb.

Fylkesdirektøren er øvste leiar for administrasjonen. I 2022 gjennomførte ein desse tiltaka:

- Det blei gjennomført interne prosessar i høve justering og endringar av organisasjonsstruktur og avdelingssamansetning i enkelte avdelingar.
- Bistand og rådgjeving i arbeidsmiljø- og organisasjonsutviklingsprosessar i opplæringsavdelinga, kultur og næringsavdelinga, bygg- og eigedomsavdelinga og samferdselsavdelinga.
- Ein har gjennomført ei rekke ulike kompetanseheevande kurs for leiarar og andre medarbeidarar. Det blei gjennomført kurs i rekruttering og intervjueteknikk, vanskelege personalsaker, førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Fylkesadvokaten og dokument-senteret har gjennomført kurs i relevant lovverk for sakshandsamarar. For tilsette ved tilrettelagt avdeling på skolane, blei det arrangert kurs i pedagogisk meistring av vald og truslar
- Medarbeidarundersøkinga blei gjennomført for alle avdelingar i sentraladministrasjonen på våren og alle skolane på hausten.
- I høve flytting til mellombels lokalar våren 2023 blei det hausten 2022 sett i gang planlegging av organisasjonsutviklingsprosess for heile sentraladministrasjonen. Denne prosessen blei lagd på is før jul då flyttinga blei utsett.
- Plan for leiarutvikling 2022-2027 blei utarbeidd og gjennomgått med leiargruppa.
- Arbeid med strategi for kompetanseutvikling og strategi for rekruttering blei sett i gong.
- Den nye strategien for kommunikasjon blei forankra i heile organisasjonen.
- Nettsidene til Rogaland fylkeskommune blei tilpassa dei nye krava til universell utforming.
- Arbeidet med ny strategi for sosiale medier blei starta opp.
- Fleire kurs i klarspråk og nynorsk blei arrangert.
- Arbeidet med ein ny og enklare skrive-rettleiar for alle tilsette blei starta.
- Det blei satt i gang arbeid med ein film for rekruttering.
- Kommunikasjonsavdelinga medverka i arbeidet med fleire regionale planer
- Kommunikasjon rundt prosjektet Dagsturhytta som no er godt kjend i Rogaland.
- Det blei laga ein film om Bergelandsmodellen.
- Inkluderande workshops og arbeid på diverse arenaer i samband med etableringa og organiseringa av avdeling for organisasjon og digitalisering, som blei etablert frå 1. januar 2023.
- «Flyt» (joiner/mover/leaver) blei implementert. Dette systemet holdar kontroll på tilgangar, kontoar, utstyr og bestillingar for tilsette og leiarar.
- Kurstilbod: 3000 deltok på kurs i M365, som er våre grunnleggande verktøy for samhandling. Det blei og gjennomført kurs i Elements, Offentleglova, personvern (gdpr) og digitale kurs i informasjonssikkerheit.
- Arbeidet med hybride møterom på fylkeshuset er ferdig.
- Medarbeidarar i digital utvikling har sentrale verv i diverse nasjonale kollegier der vi samarbeider med alle fylkeskommunar om nye løysningar og smart organisasjonsutvikling.
- Arbeidet med VIGO IKS held fram, og vil gi felles IKT-drift for alle fylkeskommunar.
- Fylkeskommunen sitt datasenter blei flytta til Green Mountain utan nedetid og store investeringar. Alt utstyr blei brukt igjen.



Foto: Øyvind Nesvåg

- Arbeidet med ein felles tenestekatalog for heile organisasjonen er i gang, dette handlar om å få til sikre løysingar for alle våre brukarar.
- Utval for digitalisering behandla ein rekke saker i fjor, den viktigaste var kanskje implementering av personvernspillet, eit spillbasert verktøy for opplæring.



Foto: Elisabeth Tønnessen

Rekneskap 2022

Folkevalde styrer, utvalg og råd	Fylkesdirektør	Stab og støtte	Netto utgifter
47,2	10,1	449,5	506,8

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik
Løn	184,5	188,0	3,5
Andre driftsutgifter	422,9	404,1	-18,8
Sum utgifter	607,5	592,1	-15,3
Sum inntekter	-100,6	-82,9	17,7
Netto driftsresultat	506,8	509,2	2,4

Investeringar 2022	
Bygg og vedlikehald	19,7
IKT	19,7
Utlån, aksjer og andelar	19,0
Diverse	6,8
Sum investeringar	65,2

alle tal i millionar kroner, inkludert mva

Likestilling og mangfald

Oversikt og rapportar knytt til aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP) etter likestillings og diskrimineringslova for 2020.

1. Kjønnsbalanse

Oversikt over tilsette i Rogaland fylkeskommune fordelt på stillingskapittel og kjønn.

År	2022		2021		2020	
Stillingskategoriar	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kapittel 3*	145	121	138	126	130	117
Kapittel 4.1	551	274	508	203	532	291
Kapittel 4.2	1583	1049	1537	1030	1451	1004
Kapittel 5	344	224	323	230	288	182
Total for vidaregåande skoler og sentraladministrasjon	2623	1668	2506	1589	2401	1594
Prosentfordeling	61 %	39 %	61 %	39 %	60 %	40 %

*Ekskl. fylkesdirektøren

Kort forklaring til dei enkelte kapitla:

Kapittel 3: Leiar med budsjett-, økonomi- og personalansvar

Kapittel 4.1: Tilsette med fagbrev og stillingar utan krav til høgare utdanning

Kapittel 4.2: Undervisningspersonale og andre stillingar med krav om høgare utdanning

Kapittel 5: Stillingar med krav til høgare akademisk utdanning eks. rådgjevar

Det er ved utgangen av 2022 4291 tilsette i Rogaland fylkeskommune. Oversikta viser at det er ei overvekt av kvinner tilsett i Rogaland fylkeskommune. Den største skilnaden mellom kjønna er å finne i kapittel 4.1 som gjeld stillingar utan krav til høgare utdanning.

Oversikt over tilsette i Tannhelse Rogaland FKF fordelt på kvinner og menn

År	2022		2021		2020	
Stillingskategoriar	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Tannhelse Rogaland FKF	354	43	334	38	324	34
Prosentfordeling	89 %	11 %	90 %	10 %	91 %	9 %

Den store overvekta av kvinner gjeld både for tannlegar og administrativt tilsette. Talet for tannlegar speiler i stor grad søkinga til odontologistudiet, der det per i dag er nærare 80 prosent kvinner som blir tatt opp som

tannlegestudentar. Når det gjeld yrkesgruppa tannpleiarar og tannhelsesekretærer, er det hovudsakleg kvinner som søker og blir utdanna til desse yrka.




Foto: Tom Haga



Foto: Elisabeth Tønnessen

Leiarstillingar fordelt på kvinner og menn i Rogaland fylkeskommune

År	2022		2021		2020	
Stilling	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Fylkesdirektør	0	1	0	1	0	1
Ass. fylkesdirektør	0	1	0	1	0	1
Avdelingssjef	6	4	5	4	5	3
Ass. regionalplansjef	0	1	0	1	0	1
Ass. seksjonssjef PPT	1	0	1	0	1	0
Fylkesadvokat	1	0	1	0	1	0
Seksjonssjef	10	9	10	10	7	9
Rektor	11	18	11	17	10	17
Avdelingsleiar og administrasjonsleiar	113	85	104	92	103	86
Totalt	142	119	132	126	127	118
Prosentfordeling	55 %	45 %	51 %	49 %	52 %	48 %

Kvinneandelen av tilsette totalt sett er høgare enn for menn (61 % mot 39 %), noko som er tilsvarande tala frå 2021. Dette gjer det naturleg at vi har ein noko høgare prosentdel kvinnelege leiarar i organisasjonen. Ein ser ei

negativ utvikling frå 2021 til 2022 med tanke på målet om å oppnå kjønnslikevekt i leiarstillingar der det no er ein stigande tendens med fleire kvinnelege leiarar.

Leiarstillingar fordelt på kvinner og menn i Tannhelse Rogaland FKF

År	2022		2021		2020	
Stilling	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Fylkestannlege Tannhelse Rogaland FKF	1	0	1	0	1	0
Andre leiarstillingar	7	3	8	2	5	2
Totalt	8	3	9	2	6	2
Prosentfordeling	73 %	27 %	82 %	18 %	75 %	25 %

Kvinner er framleis overrepresentert i leiande stillingar innan tannhelse, noko som speglar både søknadstal til dette studiet og fordelinga av kjønnsbalansen innan offentleg tannhelse.

Primært kvinner søker seg til stillingar innan offentleg tannhelse, dette gjeld både tannlegar, tannpleiarar og administrativt personale.

2. Kjønnsdelt lønnsoversikt etter stillingskapittel (HTA) (eksklusive foretak)

År	2022			2021			2020		
Inn plassering	Kvinner	Menn	%*	Kvinner	Menn	%*	Kvinner	Menn	%*
Kapittel 3	865 993	881 603	98 %	851 928	862 493	99 %	810 845	824 672	98 %
Kapittel 5	674 352	697 780	97 %	648 252	671 288	97 %	627 243	654 484	96 %
Kapittel 4.1	465 707	504 728	92 %	458 724	510 576	90 %	437 251	468 417	93 %
Kapittel 4.2	614 992	612 308	100 %	608 757	606 085	100 %	580 516	579 932	100 %

*Kvinner si prosentdel av løna til menn

For 2022 ser vi ei svak positiv utvikling i kapittel 3 og 4 og ei god utvikling for kap 5. Skeiva i kapittel 4.1, som kom av at fylkesveg-administrasjonen i Statens vegvesen (SVV) blei overført til Rogaland fylkeskommune, er framleis eksisterande. Nokre av dei som blei overført frå SVV hadde ein «leiarstilling/-ansvar», men på grunn av manglande høgare

utdanning blei dei plassert inn i 4.1. I 2021 ser vi at dette gjer at eit fåtal tilsette i denne kategorien har betrakteleg høgare lønn, og brorparten av desse er menn. I 2022 har ein sett ei forholdsvis høg turnover for menn i kap. 4.1. Difor viser lønnsutviklinga for menn i 2022 ei svak negativ utvikling.

3. Kjønnsdelt oversikt over tilsette med arbeidstid lågare enn 100 prosent i 2022

Kapittel	Tall på tilsette med arbeidstid lågare enn 100 %	
	Kvinner	Menn
Kapittel 3	6	12
Kapittel 4.1	265	63
Kapittel 4.2	478	183
Kapittel 5	41	18
Totalt	790 (763)	276 (268)

Av totalt 4291 tilsette (mot 4095 tilsette i 2021), har nå 1066 tilsette inkludert vikarar i delstillingar (mot 1030 i 2021) redusert arbeidstid, noko som er ein liten auke frå året før (2021-tal i parentes).

Totalt utgjer tilsette med redusert arbeidstid i 2022 24,8 prosent av alle tilsette, det same som i 2021.

Tala viser både ønska og uønskt deltid. Uønskt deltid gjeld hovudsakleg for fagområda reinhald og miljøarbeid i kapittel 4.1, ettersom desse yrkesgruppene følger skoleåret. I kap. 4.2 finn vi hovudsakleg pedagogar som underviser i eitt enkeltfag eller i eitt instrument på skoler med utdanningsprogram for musikk, dans og drama.

Rogaland fylkeskommune arbeider kontinuerleg for å utvikle ein heiltidskultur. Det er rutinar for å følge opp påbod i

arbeidsmiljølova, hovudtariffavtalen og vedtak i administrasjonsutvalet. Arbeidet med å få fleire tilsette over i heile stillingar, er eit prioritert område for å styrke heiltidskulturen i fylkeskommunen. Det blir kvart år gjennomført to møter med dei tillitsvalde sine organisasjonar kor dette er tema, og det blir årleg skrive ein statusoppdatering til administrasjonsutvalet.

4. Midlertidig tilsette

Administrasjonsutvalet fatta i 2015 vedtak om at Rogaland fylkeskommune ikkje skal nytta seg av moglegheita for midlertidige tilsette på vilkårleg grunnlag. To gangar årleg blir bruken av midlertidige tilsette i sentraladministrasjonen og på dei vidaregåande skolane kartlagt, og resultatet blir drøfta med organisasjonane.

5. Kjønnsdelt aldersfordeling for tilsette over 55 år i 2022

Alder/kjønn	Kvinner	Menn	Totalt
55 – 59	381 (342)	244 (257)	625 (599)
60 – 61	110 (99)	92 (77)	202 (176)
62 – 64	113 (114)	107 (103)	220 (217)
65 og eldre	78 (96)	66 (71)	144 (167)
Totalt	682 (651)*	509 (508)*	1191 (1159)*

*2021 tal i parentes.

Tala viser at det er ei auke i talet på tilsette som er eldre enn 55 år i 2022. Den største auken er i gruppene tilsette mellom 55 og 59 og 60 og 61 år generelt og for kvinner i gruppene spesielt.


Prosentandelen over 55 år har ein liten nedgang frå 2021 til 2022. I 2022 passerte 27,7 prosent av alle tilsette 55 år, i 2021 var talet 28,3 prosent.

6. Totalt sjukefråvær per kvartal i perioden 2020–2022

	2022	2021	2020
1. kvartal	7,21 %	5,70 %	5,37 %
2. kvartal	4,57 %	4,86 %	4,01 %
3. kvartal	4,34 %	4,93 %	4,63 %
4. kvartal	5,83 %	5,76 %	5,35 %
Totalt fråvær i %	5,57 %	4,85 %	4,45 %

Måltal (ikkje inkludert Tannhelse Rogaland FKF) for Rogaland fylkeskommune er at sjukefråværet ikkje skal overstiga 5,2 prosent per år (jf. nasjonale føringar og intern IA-handlingsplan for perioden 2021–2023). Det totalt sjukefråværet for 2022 på 5,57 prosent, ligg marginalt over vårt mål om fråvær under 5,2 prosent.

Tala for 4. kvartal og totalt for 2022 er dei høgste i perioden frå 2016 fram til i dag. Ein ser på auken i sjukefråvær hovudsakeleg som eit resultat av smitteverntiltak og belastning knytt til handtering av koronasituasjonen. Første kvartal 2022 var koronasmitte skuld i 2,2 % av fråværet. Vi har til ei kvar tid



handtert pandemien i tråd med nasjonale og lokale påbod og anbefalingar, i tillegg til interne retningslinjer og anbefalingar. Dette har ikkje vore tilstrekkeleg for å demme opp for utviklinga i sjukefråværet.

Tala for fylkeskommunen for 2022, er dei høgaste i perioden frå 2017 fram til i dag. Fråværet i sentraladministrasjonen auka betydeleg etter gjenopning av samfunnet.

Sjukefråvær

	2022	2021	2020
Sentraladministrasjonen	6,03	4,75	4,94
Vidaregåande skolar	5,47	5,48	4,86
Totalt Rogaland fylkeskommune	5,57	5,35	4,87

Sluttalder for tilsette i RFK med AFP og uførepensjon

Gjennomsnittleg sluttalder for tilsette som går av heilt eller delvis med AFP og uførepensjon.

	AFP 2022	Uføre 2022	AFP 2021	Uføre 2021	AFP 2020	Uføre 2020
SPK	63 år (18)	54 år (19)	64 år (43)	52 år (22)	64 år (30)	61 år (2)
KLP	64 år (28)	50 år (21)	62 år (17)	51,5 år (14)	64 år (17)	56 år (6)

Ein kan sjå av tabellen at det er fleire som vel å ta ut AFP (heilt eller delvis) i 2021 (60 tilsette) enn i 2020 (47 tilsette). Det er betydeleg fleire, og yngre, som blei ufør heilt eller delvis i 2021 enn i 2020.

Del i foreldrepermisjon

I 2022 har ca. 1,3 prosent av våre tilsette hatt foreldrepermisjon, det vil sei omtrent 59,4 årsverk. Av desse er kvinner omtrent 71,6 prosent medan menn er omtrent 28,4 prosent.

Intern tilrettelegging for tilsette med redusert funksjonsevne

Rogaland fylkeskommune arbeider aktivt for å leggja til rette for tilsette med redusert funksjonsevne ved å inkludera arbeidstakarar som har til dels store tilretteleggingsbehov i det daglege, samt at ein legg til rette for å halda seniorane lengst mogleg i arbeidslivet.

IA-handlingsplan

IA-handlingsplan gjeldande for perioden 2021–2023 blei i administrasjonsutvalet 09.02.2023 forlenga ut 2024. Satsingsområda er knytt til psykisk helse, vald og truslar og muskel/skjelettplager.

Det er gjennomført opplæring innanfor dei ulike tema. Det har mellom anna blitt gjennomført arbeid knytt til miljøpersonell innan tilrettelagd opplæring der eit partssamansett utval har arbeidd med å laga forslag til tiltak for arbeidsmiljøforbetring. Andre tiltak blir tilgjengeleggjort gjennom bransjeprogram og offentlege portalar.

Livsfasepolitikk


Tiltaka i livsfasepolitikken skal bidra til å gjera Rogaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsgivar for medarbeidarar i ulike livsfasar.

Tiltaka representerer ulike moglegheiter arbeidstakar og arbeidsgjevar kan nytta seg av. Løysningane skal komma som eit resultat av ei avveging mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar sine behov, og vere eigna til å fremme arbeids- evne og arbeidsvilje hos den enkelte. Tiltaka representerer moglegheiter og er ikkje ein rett. Livsfasepolitikken skal innlemmast i arbeidet med arbeidsmiljø, kompetanseutvikling og arbeidsgjevarpolitikk.

Følgande livsfasetiltak er no gjeldande:

- Planleggingssamtalar med seniorar
- Seniorkurs for tilsette over 60 år
- Kompetanseutvikling – stipendordningar for vidareutdanning
- Individuell pensjonsretteleiing av KLP
- Ein time trening i arbeidstida pr. veke for tilsette etter fylte 55 år

HMS og kvalitet



Etikk

Fylkeskommunen sitt etikkutval er sett saman av hovudarbeidsmiljøutvalet (HAMU), tre rektorar og dagleg leiar for Tannhelse Rogaland FKF.

Etikkutvalet har møte ein gang i året. Grunna koronapandemien blei det ikkje møte i 2022.

Tema for møtet i desember 2021 var ytrings-friheit og ytringskultur. Innleiar til møte var då avtroppande redaktør i Stavanger Aftenblad, Lars Helle.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Dei prioriterte områda for HMS-arbeidet i perioden 2022 har vore

- risikovurdering
- psykisk helse
- rus og avhengnad
- kvalitets- og avvikssystemet Qm+
- ytre miljø

Det blei sett i gang fleire tiltak på overordna nivå for å styrka og vidareutvikla arbeidet på desse områda:

- Vi har starta eit målretta arbeid retta mot yrkesfagskolane, som skal bidra til å sikre at naudsynte risikovurderingar blir gjennomført i alle verkstader, og at behovet for undersøkingar om arbeidshelse blir avklart.
- Alle tilsette fekk tilbod om gratis influensa-vaksine hausten 2022.
- Kurs og foredrag i psykisk helse for alle tilsette og kurs i psykisk helse for instruktørar for lærlingar er gjennomført.
- Vi har hatt kurs i førebygging og oppfølging av sjukefråvær for leiarar, verneombod og tillitsvalde, og jobba med eit prosjekt for å redusera sjukefråværet blant miljøpersonale.
- Nye Akan-kontaktar har fått opplæring.
- Vi har laga ny Akan-handlingsplan for åra 2023 og 2024.

- Lovpålagt grunnopplæring i arbeidsmiljø for verneombod og medlemmar av arbeidsmiljøutvalet og lovpålagd opplæring i HMS for leiarar er gjennomført.
- Sentraladministrasjonen blei resertifisert som Miljøfyrtårn.

Avvik og uønskete hendingar

Meldingar om avvik og uønskete hendingar innanfor HMS og personvern/informasjons-sikkerheit blei registrert elektronisk i fylkes-kommunen sitt kvalitets- og avvikssystem (Qm+). Registrering og handtering av meldingar er ein del av det førebyggjande HMS-arbeidet, og skal bidra til kontinuerleg læring og forbetring. Målet er å ligge i forkant og fanga opp signal undervegs, slik at tiltak kan bli iverksett før det skjer ein større svikt eller ulykke.

I løpet av 2022 blei det meldt til saman 1282 avvik og uønskete hendingar innanfor området HMS og personvern/informasjons-sikkerheit. Dette er ei auke på 22 prosent samanlikna med året før. Det er skolesektoren som samla registrerer flest meldingar. Kategorien truslar og/eller vald har vore den mest brukte kategorien på HMS-meldeskjemaet dei siste ni åra. Desse meldingane er i all hovudsak knytt til arbeid med elevar på tilrettelagt avdeling.

Beredskap

Beredskapsarbeidet i fylkeskommunen handla mykje om å avgrense koronasmitte i første del av 2022. Regelen var heimekontor og dei fleste planlagde fysiske møte blei flytta til Teams.

Tiltak for å auka beredskapen i skolane og i sentraladministrasjonen:

- tilbod om influensavaksine til alle tilsette hausten 2022



Foto: Elin Tveit-Gundersen

- opplæring og anskaffing av naudnett i samferdselsavdelinga
- kontinuitet i samferdselsavdelinga – inga avvik på kritisk infrastruktur
- anlegg for SMS-varsling på skoler
- retta feil ved bruk av IOS for iPhone då alle sendingar over nettet på denne type telefon blei kryptert
- aktiv deltaking i Fylkesberedskapsrådet og fylkeskommunalt beredskaps- og sikkerheitsforum.
- deltaking i arbeidet med sivil beredskap gjennom Fylkesberedskapsrådet, HV og sivilforsvaret

Personvern og informasjonssikkerheit

Rogaland fylkeskommune har teke fleire grep for å sikre god personvernpraksis og informasjonssikkerheit i verksemda.

- Nytt personvernombod blei tilsett 1. mars 2022.
- Ny rådgivar for informasjonssikkerheit blei tilsett 17. oktober 2022.
- Vi er i gang med å utvikle ein overordna tenestekatalog for heile fylkeskommunen. Han skal hjelpe verksemdene i fylkeskommunen med å dele dokumentasjon knytt til løysingar, appar og programvare
- Oppgåver og ansvar knytt til ansvar for behandling er gjort tydelegare. Fylkesdirektøren har det juridiske overordna ansvaret for behandling i samsvar med lov om personvern, mens einingsleiarane har operativt ansvar for behandling.
- Vi har skaffa eit nytt meir brukarvennleg verktøy for utfylling av protokollar for behandling. Fleire fyller no ut protokoll, men det er framleis store mørketal.
- Alle tilsette har signert instruks for informasjonssikkerheit, og nytilsette får han saman med arbeidskontrakten. Leiarane har ansvar for at tilsette har signert instruks.
- I mars 2022 blei ordninga med personvernkoordinatorar (PVK) sett i verk. Det er 42 koordinatorar fordelt på alle dei vidaregåande skolane, sentraladministrasjonen og tannhelse. Koordinatorane møtest ein gong i månaden, og dei fleste har gjennomført intern grunnopplæring om personvern.

- Rogaland fylkeskommune har vedtatt ein strategi for bruk av skytenester som bidreg til auka sikkerheitsnivå. For å sikre sikkerheit i IKT-system blir det gjennomført kontinuerleg tiltak som restriksjonar i pålogging frå utsette land, skanning av linkar i e-postar, VPN for alle tilsette og multifaktorpålogging (MFA).
- Fylkeskommunen har ikkje motteke varsel om gebyr eller andre sanksjonar knytta til innrapportert brot. Dei mest alvorlege avvika blir meldt til datatilsynet og tiltak blir sett i verk og forbetringar gjort.
- Registrering av analyser av risiko- og sårbarheit for informasjonssikkerheit har auka. Når vi avdekkar alvorlege konsekvensar for personvernet blir det gjort ein ytterlegare vurdering, DPIA.
- Ein databehandlaravtale signerast dersom ein leverandør samlar inn eller behandlar personopplysningar for fylkeskommunen.
- Det er sett i gang eit arbeid med å gjere prosessen knytt til anskaffing av digitale løysingar tydelegare. Rutinen må forankrast i fylkeskommunen si leiing. Sentralforbundet i kommunen (KS) har laga ein god rutine for dette arbeidet, fylkeskommunen vil fortsette arbeidet med å implementere rutinen i 2023.

Personvernombod

Nytt personvernombod blei tilsett 1. mars 2022.

Personvernombodet skal styrke organisasjonen si evne til å følge personvernregelverket. Ein dedikert person skal, saman med utnemnde personvernkoordinatorar ute i verksemdene, sjå til at reglane blir følgt i praksis.

Personvernombodet skal gi råd og opplæring, jobbe proaktivt og kontrollere at regelverket blir følgt. Personvernombodet er kontakttledet mot datatilsynet.

Dette har ombudet jobba med i 2022

- Blitt kjent i organisasjonen, fysisk besøkt alle verksemdene.
- Gitt bistand til å implementere rutinar for å få på plass dokumentasjon som er påkravd.
- Bidrege til å auke medvitet og bidrege til å bygge ein sikkerheitskultur innanfor personvern.

Personvernombodet rapporterer til leiargruppa kvartalsvis og til kontroll- og kvalitetsutvalet to gongar i året.


Internkontroll

Vi har dei siste åra opplevd aukande krav og behov for å utvikle og halde ved like ein systematisk og dokumentert internkontroll. Det handlar om å halde orden i eige «hus», og om kva den einskilde medarbeidar gjer i sitt daglege virke, med å gi rett kvalitet i møte med brukarar og samfunnet. Og det handlar om korleis vi på eit overordna nivå legg til rette for at lovar og regler blir etterlevd, at vi arbeider målretta og effektivt, at vi sikrar påliteleg rapportering, og at vi lærer av feil og avvik. Dette er eit omfattande arbeid, og noko vi i realiteten aldri kjem i mål med. Vi må stadig utvikle oss sjølve.

i 2022 jobba vi med

- å utvikle «huset», mellom anna med å få på plass nye retningslinjer for delegering
- å gjennomføre systematiske risikovurderingar i avdelingane
- å utvikle konkurransegrunnlag for kjøp av nytt felles kvalitetssystem
- å integrere internkontrollen med andre deler av den samla verksemdstyringa
- årleg melding om internkontroll, som blir lagt fram samstundes med denne årsmeldinga. Sjå i dette dokumentet for meir informasjon. Dette er nytt i 2022.

Folkevalde organ



Rogaland fylkeskommune er politisk styrt gjennom fylkestinget. I fylkestinget er det 47 folkevalde representantar. Fylkesordføraren leier møta i fylkestinget og fylkesutvalet, og er den øvste politiske leiaren i fylket.



Fylkestinget i perioden 2019–2023



Marianne Chesak
Fylkesordfører (Ap)



Arne Bergsvåg
Fylkesvaraordfører (Sp)



Tom Kalsås



Inghild Vanglo



Astri Furumo



Erling Nordgård



Lin Veronica
Jacobsen



Kjartan Øvstedal



Siv-Len Strandskog



Asle Rafdal



Marte Eide Klovning



Ole Ueland



Elin Schanche



Aase Simonsen



Erlend Jordal



Inger Merethe
Bjerkeim



Bjørn Sæstad



Terje Hetland



Ragnvald Nilsen



Anne Marie Lund



Lisbeth von
Erpecom Vikse



Lasse Anfinssen
Fredheim



Pål Morten Borgli



Margrete Dysjaland



Svein Erik Indbjo



Leif Arne Moi Nilsen



May Helen
Hetland Ervik



Hanne Marte
Vatnaland



Jarle Bø



Sandra Christin
Brochmann Skarholm



Sigmund Slettebø



Solveig Ege Tengesdal



Jonas Andersen
Sayed



Geir Toskedal



Bjørg Tysdal Moe



Frode Myrhol



Alexandra Eva Lind



Ove Evertsen



Alexander Rügert-
Raustein



Erlend Kristensen



Heidi Bjerga



Monika Kvilhaugsvik



Kjartan Alexander
Lunde



Bjørn Ove Hersdal



Faruk Brahimi
(uavhengig)




Mats Danielsen
(uavhengig)



Susanne Heart
(uavhengig)

Politisk organisering




Møte og aktivitetar i fylkesting, fylkesutval, hovudutval og rådgivande råd/utval

Fullstendig oversikt over alle utval, råd og nemnder, sjå rogfk.no

Utval	Medl.	Leiaren av utvalet	Møte			Saker			Utgifter i heile kroner			Vedtatt budsjett 2023
			2020	2021	2022	2020	2021	2022	Rekne- skap 2020	Rekne- skap 2021	Rekne- skap 2022	
Fylkestinget	47	Marianne Chesak (AP)	5	6	7	158	160	163	5 862 000	5 406 000	6 248 000	6 569 000
Fylkesutvalet	15	Marianne Chesak (AP)	12	12	12	252	249	254	4 458 000	4 387 000	5 001 000	6 335 000
Regional-, kultur- og næringsutvalet	15	Inghild Vanglo (AP)	6	6	6	72	86	95	1 228 000	1 267 000	1 627 000	1 087 000
Samferdsels-utvalet	15	Ole Ueland (H)	6	7	5	72	78	62	1 346 000	1 323 000	1 426 000	1 112 000
Opplærings-utvalet	15	Solveig Ege Tengesdal (KrF)	6	6	6	74	74	69	1 205 000	1 185 000	1 288 000	1 062 000
Administrasjons-utvalet	7	Hanne Marte Vatnaland (SP)	4	4	8	20	19	26	173 000	186 000	350 000	421 000
Kontroll- og kvalitetsutvalet	5	Erlend Jordal (H)	6	7	6	62	63	59	326 000	286 000	335 000	540 000
Ungdommens fylkesting	27	Solveig Vik (Haugesund)	3			18			286 000			
Ungdommens fylkesutvalg	9	Solveig Vik (Haugesund)	7			69			0	0		
Ungdommens fylkesråd		Solveig Vik (Haugesund)		9	10		86	108		700 000	620 000	941 000
Andre utval												
Eldrerådet	7	Rannveig Bærheim (LOP)	5	6	6	47	61	58	202 000	202 000	279 000	469 000
Fylkesrådet for funksjonshemma	10	Inghild Vanglo (Ap)	6	6	6	81	104	115	488 000	403 000	572 000	792 000
Fylkestrafikk-sikkerhets-utvalet	5	Jonas Andersen Sayed (KrF)	4	6	5	20	33	26	241 000	219 000	279 000	314 000
Inntaksnemnda	5	Astri Furumo (AP)	4	4	4	6	8	9	51 000	63 000	55 000	90 000
Klagenemnda	5	Kjartan Alexander Lunde (V)	7	8	6	55	57	50	235 000	242 000	238 000	294 000
Yrkes-opplærings-nemnda	7	Tom Kalsås (AP)	8	6	9	47	51	66	448 000	323 000	342 000	458 000

Tal i heile kroner

Økonomisk resultat



Årsmeldinga er ein del av årsoppgjeret og inneheld forenkla framstillingar, analysar og resultatvurderingar av tenesteytingar og ei oversikt over den økonomiske situasjonen i Rogaland fylkeskommune.

Med bakgrunn i ny kommunelov frå 2020 er det utarbeid eit konsolidert rekneskap, som viser fylkeskommunen som ein økonomisk eining. For Rogaland fylkeskommune inneberer dette eit felles rekneskap for «fylkeskassa» og Tannhelse Rogaland FKF, der transaksjonar og mellomvære mellom desse einingane er eliminert.

Rekneskapen inkluderer ikkje separat rekneskap for fylkeskommunens kommunale føretak, Tannhelse Rogaland FKF. Dette føretaket er ein del av Rogaland fylkeskommune som juridisk eining, men har eget styre og avlegg eige rekneskap og årsmelding. Det vises til note i rekneskapen som viser mellomvære til eigne kommunale føretak.

Dei som ønskjer meir informasjon om rekneskapsåret 2022, vil finna det i årsrekneskapen, som inneheld drifts-, investerings- og balanserekneskap og notar.

Positivt rekneskapsresultat i 2022 – (budsjettoverskot)

Driftsrekneskapen er gjord opp med eit overskot på 312,4 mill. kroner etter avsetningar og overføring av eigenkapital til investeringsrekneskapen og før administrative transaksjonar.

I samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning

for kommunar og fylkeskommunar er mindre-forbruket avsett på disposisjonsfond. Resultatet betyr at fylkeskommunen går inn i eit nytt driftsår med styrka soliditet (økt disposisjonsfond).

Som i 2020 og 2021 er direkte konsekvensar av pandemien også i 2022 kompensert gjennom auka løyvingar frå staten. Mobilitetsleverandøren Kolumbus har fått kompensert inntektsbortfall for perioden januar til juli. I tillegg fekk fylkeskommunane 500 mill. kroner i omstillingsmidlar til kollektivtransport, der Rogaland sin del utgjorde 24,5 mill. kroner. For skolane og Tannhelse Rogaland FKF er det gitt kompensasjon på om lag 36 mill. kroner knytt til mobiliseringsavtalen – koronaavtalen som blei inngått mellom KS og hovudsamanlutningane for første tertial 2022, og som dei fleste kommunar og fylkeskommunar nytta seg av.

I RNB 2022 blei deflatoren for kommunesektoren heva frå 2,5 pst. til 3,7 pst., og det blei gitt kompensasjon for auken gjennom inntektssystemet. Fylkesdirektøren har i sakene om revidert budsjett vore tydeleg på risikoen for at fylkeskommunane ikkje ville få kompensasjon for dei store underliggende endringane i prisar på varer og tenester gjennom 2021 og 2022. Prisstigninga har innanfor enkelte område vore betydeleg høgare enn deflatoren. Fylkestinget har tildelt midlar undervegs i året for å delvis dekkja den auka prisveksten i driftsrekneskapen, inkludert meirutgifter til elektrisk kraft.

Det er ikkje løyva ekstra midlar til auka prisvekst i investeringsrekneskapen.

God styring og kontroll i driftsområda

Resultatet vitnar om ein organisasjon som leverer godt og har budsjett disiplin trass i dei utfordringane organisasjonen har stått i. Einingane har vore medvitne om og opptekne av eigen økonomi, prioriteringar og moglegheiter. Vi har greidd å få til ein så normal drift som mogleg under spesielle forhold. Heile organisasjonen har lagt vekt på stram økonomi-styring og at dei tildelte budsjetta skal haldast.

Tabellen nedanfor viser netto resultat (positivt tal=overskot/negativt tal=underskot) per driftsområde, når rekneskapen blir samanlikna med revidert budsjett.

Kommentarar til avvika i 2022:

Budsjettet blir vedtatt på eit detaljeringsnivå som viser budsjett for den enkelte avdeling, jamfør § 6.1 i økonomireglementet. Tabellen viser netto budsjettavvik pr. driftsområde. Innanfor dei ulike driftsområda kan det vere budsjettavvik på utgifts- og inntektssida som blir nøytralisert i netto driftsramme.

Driftsområde	Netto resultat	Avvik i % for rammeområda
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	218,0	
Andre generelle statstilskot	11,3	
Konsesjonskraft	35,1	
Finanspostar (renter og avdrag)	-8,5	
Reservert til tilleggsløyver	18,3	
Pensjonspostar	68,7	
Andre fellesinntekter og -utgifter	1,1	
Sentrale styringsorgan og stab-/støttefunksjonar	2,4	0,5 %
Kultur og næring	0,4	0,2 %
Plan, miljø og samfunn	4,2	6,4 %
Samferdsel, av dette:	-28,2	-1,4 %
• Kollektivtransport, inkl. fylkesvegferjer	0,0	0,0 %
• Veg og forvaltning	-39,0	-5,2 %
Opplæring	-10,5	-2,2 %
Overføring fylkeskommunale føretak	0,0	0,0 %
Totalt	312,4	

Tal i millionar kroner

Frie inntekter (skatt og rammetilskot) viser eit budsjettoverskot på 218,0 mill. kroner. Dei sentrale inntekts- og utgiftsføresetnadene blei betre enn føresett i revidert budsjett

desember. Skatteinngangen blei 108,9 mill. kroner høgare enn føresett, medan rammetilskotet blei 109,1 mill. kroner høgare.

Fylkeskommunanes skatteinngang skaut fart i november og desember, og enda 1,8 mrd. kroner over anslaget for 2022 då statsbudsjettet for 2023 blei lagt fram. Veksttakten blei til slutt heile 10,2 prosent i forhold til 2021, mens Finansdepartementet anslo 5,6 prosent vekst så seint som i oktober. Skatteinntektene aukar mindre i Rogaland enn i landet (9,4 prosent). Rogaland har gått frå å vere eit 119-prosentfylke i brutto skatteinngang per innbyggjar i 2014 til eit 104-prosentfylke i 2022. Den underliggende skatteutjamninga er som kjent 87,5 prosent, slik at det for fylkeskommunar er skatteinngangen i landet som er viktigast.

Ein stor del av den samla skatteveksten i kommunesektoren skyldast auka utbytter til personlege skattyttarar i 2021, noko som inneberer auka skatteinntekter i 2022. I RNB blei det vedtatt at 12,1 mrd. kroner av meirinntektene skulle overførast til staten. Kommunesektoren fekk behalde om lag 1,9 mrd. kroner som eingongsinntekt i 2022. Trekket på 12,1 mrd. kroner fordelte seg med om lag 9,7 mrd. kroner i kommunanes rammetilskot, og 2,4 mrd. kroner i fylkeskommunanes rammetilskot. For Rogaland utgjorde trekket om lag 215 mill. kroner i rammetilskotet.

Meirskatteveksten i 2022 var i hovudsak relatert til inntektsåret 2021, og det er ingen indikasjon på underliggende vekst i skatteinntekter som vidareførast frå 2022 til 2023. Meirinntekter frå skatteinngangen utover anslått nivå i revidert nasjonalbudsjett (mai) er inntekter som sektoren får behalde som eingongsinntekter.

Andre generelle statstilskot har eit positivt budsjettavvik på 11,3 mill. kroner som gjeld innbetaling frå havbruksfondet. Fylkeskommunen hadde budsjetttert med 10 mill. kroner i overføring frå havbruksfondet og fekk 21,3 mill. kroner.

Konsesjonskraft viser eit positivt resultat på 35,1 mill. kroner. Nettoinntekter frå konsesjonskraft blei til slutt i overkant av 487,5 mill. kroner, som er 35,1 mill. kroner betre enn revidert budsjett. Dette har samanheng med ytterlegare auke i spotprisane i siste del av året. Volum av konsesjonskraft er nå vesentleg lågare enn for 7-8 år sidan. Volum er redusert frå 406 GWh i 2017 til om lag 272 GWh i 2022. Vidare betaler fylkeskommunen meir for konsesjonskrafta enn tidlegare på grunn av høgare berekna sjølvkost for anlegg i Lysebotn. Inntektsnivået i 2022 er svært mykje høgare enn det som med rimelegheit kan forventast i eit normalår.

Samla er det eit budsjettunderskot på 8,5 mill. kroner på **finanspostane**. Det er ein netto gevinst i samband med bruk av finansielle instrument på 22,7 mill. kroner. Renteinntektene blei 9,8 mill. lågare og rentekompensasjonen 4,6 mill. kroner lågare enn budsjetttert. Det blei utbetalt eit utbytte frå Skyttel på 3 mill. kroner som også bidrar til det positive budsjettavviket. Renteutgiftene enda 1,0 mill. kroner høgare enn budsjetttert.

Det blei betalt 415,4 mill. kroner i avdrag på lån, noko som er 18,8 mill. kroner meir enn budsjetttert. Årets ordinære avdrag blir normalt avrekna mot årets låneopptak. Låneopptaket blei betydeleg redusert i saken om revidert budsjett oktober og det gjenstod eit restavdrag i 2022 på 22,3 mill. kroner samanlikna med budsjetterte avdrag på 396,6 mill. kroner. Det blei samtidig betalt 41,0 mill. kroner i avdrag til Karmøy kommune (tilbakebetaling av tidlegare års forskotering til T-forbindelsen).

Posten **reservert til tillegssløyver** hadde eit overskot på 18,3 mill. kroner. 9,4 mill. kroner gjeld restmidlar som var satt av i lønnsreserven. Hovudoppgjeret for 2022 resulterte i ein tvist mellom KS og tre organisasjonar (Utdanningsforbundet, Skolenes Landsforbund og Norsk Lektorlag). Det er berekna

og anordna ein utgift på om lag 25 mill. kroner ut frå ein føresetnad om at verknadsdatoen for det nye lønnsregulativet kunne bli 1. mai 2022. Omstenda var litt spesielle i denne streiken, med svært få streikande før slutten av august. Fylkesdirektøren valte derfor å legge til grunn 1. mai 2022 som verknads-tidspunkt for anordninga. 17. februar 2023 kom Rikslønsmemndas kjennelser i twistane mellom KS, Utdanningsforbundet, Skolenes Landsforbund og Norsk Lektorlag, og verknads-tidspunktet blei satt til 27. september 2022. Dette betyr at vi har anordna om lag 14 mill. kroner for mykje i 2022.

11,2 mill. kroner av budsjettavviket gjeld midlar som var avsette til blant anna husleige etter overføringa av fylkesvegadministrasjon til fylkeskommunane. Av budsjettposten som var reservert til tilfeldige utgifter for fylkesutvalet er 0,4 mill. kroner ubrukt ved årets slutt.

Totalt sett viser **pensjonsutgiftene** eit positivt budsjettavvik på 68,7 mill. kroner. Pensjonspremiar til Statens pensjonskasse (SPK) blei 41,2 mill. kroner lågare enn budsjettet. I revidert budsjett hadde fylkestinget på eit svært usikkert grunnlag tatt høgde for auka premier som følge av eit betre lønsoppgjer i 2022 enn det som låg til grunn for prognosane frå SPK – sist oppdatert i februar 2022. Heller ikkje i 2022 oppdaterte SPK prognosane i løpet av hausten, og det er difor utfordrande å sette gode prognosar. For KLP var det også eit positivt budsjettavvik på 20,7 mill. kroner.

Premieavviket, med frådrag av inndecking av tidlegare års premieavvik, påverkar netto driftsresultat negativt med netto 44,3 mill. kroner i 2022. Beløpet er dekkja av pensjonsfondet i samsvar med vedtak i fylkestinget (FT-sak 23/13), slik at fondet per 31.12.22 er identisk med akkumulert premieavvik (238,6 mill. kroner).

Posten **andre fellesinntekter og -utgifter** viser eit budsjettoverskot på 1,1 mill. kroner som i hovudsak gjeld endring i tap på krav.

Sentrale styringsorgan og stab-/støttefunksjonar har eit samla overskot på 2,4 mill. kroner. Avdeling for digital utvikling har eit meirforbruk på 5,9 mill. kroner som i stor grad knyter seg til auka utgifter til programvare og driftsavtaler. Til tross for auka energiprisar og eit meirforbruk isolert for energi på 12,1 mill. kroner, har bygg og eigedom eit mindreforbruk på 0,8 mill. kroner. 1,6 mill. kroner av mindreforbruket gjeld spesielt vedlikehald. Ein manglande budsjettering av husleigeinntekter og refusjon av driftsutgifter på om lag 4 mill. kroner bidrar til mindreforbruket. Folkevalde organ hadde eit samla mindreforbruk på 1,9 mill. kroner, der 1,4 mill. kroner skyldast lågare kostnader til tenestefrikjøp og støtte til politiske parti enn budsjettet. Dei andre stab-/støttefunksjonane gjeikk med eit samla mindreforbruk på 5,6 mill. kroner. Deler av mindreforbruket har samanheng med periodar med vakanse i fleire av avdelingane.

Kultur- og næringsavdelinga leverte om lag på budsjett, med eit lite budsjettoverskot på 0,4 mill. kroner.

Plan, miljø og samfunn har eit budsjettoverskot på 4,2 mill. kroner, der om lag halvparten er knyta til vakansar, noko som også fører til mindre bruk av prosjektmidlar. Når det gjeld planprosessar kan det vere vanskeleg å estimera framdrifta, og spesielt oppstarten av utredningsfasen som ofte er den kostbare fasen i ein planprosess. Mindreforbruket i 2022 kan gjera det aktuelt med ei rebudsjettering i 2023.

Innanfor **samferdsel** er det eit samla budsjettunderskot på 28,2 mill. kroner, med eit budsjettunderskot innanfor veg og forvaltning fylkesvegar på 39,0 mill. kroner. Meirutgiftene innanfor veg og forvaltning skyldast hovud-



Foto: Elisabeth Tønnessen

sakeleg avgrensingar frå investering til drift som inneber at deler av fornyingsprogrammet som tidlegare blei ført i investering no blir ført i drift som vedlikehaldskostnad. 9,5 mill. kroner av meirforbruk skyldast auka straumprisar. Veg og forvaltning har eit reelt meirforbruk i investeringsrekneskapen når dei to rekneskapane – drift og investering – blir vurdert i samanheng.

Behovet for tilrettelagt transport var også i 2022 noko lågare enn i eit normalår grunna pandemien.

Det var eit budsjettoverskot for resten av samferdselsavdelinga på 10,8 mill. kroner som i hovudsak knyter seg til reduserte overføringar til andre, mindre bruk av konsulenttenester og generelle innsparingar på andre driftspostar.

I **opplæringsavdelinga** (administrasjonen) er det eit samla underskot på 10,5 mill. kroner. På fellesområdet (anslagspostar) er det eit budsjettunderskot på 5,2 mill. kroner. Det er blant anna kjøpt meir tenester til spesialundervisning. Vi ser at det er ei auke i talet på dei som treng spesialundervisning og samstundes at dei har auka behov. Seksjon for opplæring i skole hadde eit mindreforbruk på 1,3 mill. kroner og seksjon for rettleiing og livslang læring eit overforbruk på 3,5 mill. kroner. Fagopplæring gjekk med 4,0 mill. kroner

i underskot. Det er ei auke i bedriftstilskotet som følge av ei auke i talet på lærlingar. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) har eit overskot på 0,8 mill. kroner. Arbeid med nullvisjonen i vidaregåande opplæring har eit underskot på 0,2 mill. kroner og kvalitet, analyse og dimensjonering har et overskot på 0,2 mill. kroner.

Vidaregåande skolar, inkludert fagskole/fagnettverk, har eit samla akkumulert budsjettoverskot på 74,6 mill. kroner ved årsslutt. Til samanlikning var det ved utgangen av 2021 eit samla overskot på 79,9 mill. kroner. Det isolerte årsresultatet for skolane er dermed 5,3 mill. kroner i overforbruk. Det er lite endringar frå 2021-resultatet.

Vidaregåande skolar (ekskludert fagskole/fagnettverk) har eit samla overskot på 58,3 mill. kroner ved utgangen av 2022, mot 65,2 mill. kroner i 2021. 24 skolar har mindreforbruk og tre skolar har meirforbruk. Det er stor variasjon på resultata for skolane, frå Bryne med eit overskot på 10,9 mill. kroner (inntil 3,2 mill. kroner skyldast streiken) til Øksnevad med eit underskot på 3,4 mill. kroner. 8 skolar har eit overskot på meir enn 3 mill. kroner. Måla i prosentavvik samanlikna med revidert budsjett er det 9 skolar som har eit mindreforbruk på meir enn 3 prosent og ein skole som har eit meirforbruk på meir enn 3 prosent. Det

har vore streik i 2022, det gav ei sparing på 15,6 mill. kroner i ei avgrensa periode i august-september. Det har vore meir bruk av pengar til kjøp av inventar og utstyr i 2022 enn i 2021. Det har derfor vore ein auke i overføring frå drift til investering frå 7,7 mill. kroner i 2021 til 15 mill. kroner i 2022.

Frå og med 2015 blei det innført ei ny ordning der akkumulerte overskot i **dei vidaregåande skolorne** blir sette av til fond og difor ikkje verkar inn på rekneskapsmessig resultat.

For 2023 vil fylkesdirektøren foreslå at det blir sett ei prosentgrense på 3 prosent når det gjeld kor stort overskot/underskot som kan takast med til påfølgande år.

I rekneskapen blir berre tilskot/overføringar til **fylkeskommunalt føretak** bokførte. Alle andre føringar skjer i særrekskapen til føretaket. Overskot/underskot kjem fram der.

Fylkestinget vedtar tekstpunkter – også kalla verbalpunkt – i forbindelse med den årlege behandlinga av økonomiplan og årsbudsjett. Tekstpunkta krev oppfølging frå fylkesdirektøren, ofte i eigne politiske saker. Det vises til FT-sak 109/22 «Vedtatte tekstpunkter i økonomiplan 2022-2025 og tidlegare årsbudsjett/økonomiplaner – status» der fylkesdirektøren la fram oversikter som i korte trekk dokumenterte oppfølginga av vedtatte tekstpunkt og nokre merknader til taldelen i fylkestingets vedtak.

Finansielle måltal

Netto driftsresultat i 2022

Analysar viser at fylkeskommunen har fått mellombels auka handlefridom i driftsrekneskapen for 2022 samanlikna med 2021. Det gode resultatet for 2022 er i stor grad eit resultat av svært høge eingongsinntekter frå

konsesjonskraft som følge av uvanleg høge straumprisar i fjoråret.

Utfordringane blir store i åra som kjem. Finansutgiftene vil stiga ytterlegare som følge av høgt investeringsnivå og med dette høgare avdrag som må dekkjast inn i driftsrekneskapen. Fylkestinget vedtok ved handsaminga av økonomiplan 2021-2024 å auka det årlege avdraget med eit tillegg på 2 prosentpoeng utover minimumsavdraget. I tillegg er den delen av fylkeskommunens lånegjeld som er eksponert for renterisiko ei utfordring å handtera når marknadsrentene har steget frå historisk låge nivå.

Netto driftsresultat viser driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalte, og er eit uttrykk for kva fylkeskommunen sit igjen med til avsetningar og investeringar. Netto driftsresultat er den primære indikatoren for økonomisk handlefridom i kommunesektoren.

Netto driftsresultat er på 729,5 mill. kroner, som er 7,7 prosent av sum driftsinntekter.

Netto avsetningar til bundne fond påverkar netto driftsresultat negativt med 114,8 mill. kroner. Dette gjeld disponering av øyremerkte inntekter og er i stor grad påverka av utviklinga i udisponerte påskjønningssmidlar knytt til inngått byvekstavtale. Bruk av bundne driftsfond inneheld to korrigeringar frå bundne driftsfond til bundne investeringsfond (overføring til investeringar), og fylkesdirektøren korrigerer for dette. Det dreier seg om påskjønningssmidlar mottatt tidlegare år for driftsformål, men der bruken i 2022 er omdisponert til investeringsformål.

Etter dei nemnde korreksjonane er netto driftsresultat 844,3 mill. kroner, eller 8,9 prosent av driftsinntektene. Fylkestinget har vedtatt eit retningsgivande måltal på 4 prosent av driftsinntektene. Det korrigerte driftsresultatet i 2022 er 4,9 prosentpoeng høgare enn dette. Det må

forventast at resultatet er betre enn målalet i eit år med høge eingongsinntekter frå skatt/rammetilskot og konsesjonskraft.

Netto driftsresultat – både utan og med korrigeringar – er betre enn gjennomsnittet av fylkeskommunane.


Netto driftsresultat 2022

	Rekneskap 2022	Opphavelag budsjett 2022	Regulert budsjett 2022	Rekneskap 2021
Netto driftsresultat	-729 515	-245 192	-339 401	-755 332
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	7,7 %	3,0 %	3,8 %	8,4 %
Overkompensasjon KDD – avrekna i 2022	–	–	–	18 451
Bruk av bundne fond	-551 124	-5 534	-464 482	-416 865
Bruk av bundne fond – korrigering	90 158	–	90 158	–
Avsetning til bundne fond	346 132	–	181 776	514 518
Korrigert netto driftsresultat 1	-844 349	-250 726	-531 949	-639 228
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter – korrigert 1	8,9 %	3,1 %	5,9 %	7,1 %

Tal i 1000 kroner. Negativt fortegn betyr positivt resultat.

Netto driftsresultat (korrigert)

(korreksjonar: bruk/avsetning bundne fond)



Handlingsrom i drift (korrigert for bokført kapitalslit på anleggsmidler)

Dersom vi i tillegg korrigerer for avviket mellom betalte avdrag og avskrivningar på 215,4 mill. kroner, får vi eit positivt handlingsrom i drift på 629,0 mill. kroner, eller 6,6 prosent av driftsinntektene. Denne tilnærminga har


samanheng med behovet for fylkeskommunal sikring av formue over tid, som i økonomisk teori føreset eit nullresultat. Eit resultat på 6,6 prosent understrekar eit godt rekneskapsresultat. Dette er illustrert under, der vi samanliknar med rekneskapen for 2021 og med andre fylkeskommunar.

Alternativ tilnærming (avdrag = kapitalslit/avskrivningar)

	Rekneskap 2022	Opphavelag budsjett 2022	Regulert budsjett 2022	Rekneskap 2021
Korrigert netto driftsresultat 1	-844 349	-250 726	-531 949	-639 228
- I prosent av driftsinntekter	8,9 %	3,1 %	5,9 %	7,1 %
Avvik mellom betalt avdrag og avskrivninger	215 363			213 990
Korrigert netto driftsresultat 2 (handlingsrom i drift)	-628 986			-425 238
- I prosent av driftsinntekter	6,6 %			4,7 %

Handlingsrom i drift

(korreksjonar: bruk/avsetning bundne fond, avskrivningar dekkja i stadanfor minimumsavdrag)





Lånegjeld


Økonomiplan 2023–2026 legg opp til ei stabilisering av gjeldsgraden. Samanlikningar med andre fylkeskommunar viser at lånegjelda har stige noko mindre i Rogaland fylkeskommune fram mot 2022 enn det som er tilfellet i andre fylkeskommunar.

Rogaland fylkeskommune har fått ei stor auka i øyremerkte driftstilskot som følge av byvekst-avtalen og aktivitetsfremmande tiltak i vidaregåande opplæring. I tillegg har fylkeskommunane i ein overgangsperiode mottatt store ekstraordinære løyvingar som kompensasjon for direkte økonomiske konsekvensar av pandemien, blant anna inntektsbortfall i kollektivtransporten. For nokon fylkeskommunar vil auken i inntekter vere større av reint organisatoriske grunner. Dette gjeld fylkeskommunar som har eigde kollektivtransportsselskap som handterer brukarbetalinga i eige rekneskap, blant anna Rogaland fylkeskommune (Kolumbus AS).

I sum har dette auka inntektsgrunnlaget og redusert delen av inntektsgrunnlaget som det er naturleg å sjå i samanheng med lånegjelda. Gjeldsgraden er difor redusert som følge av ekstraordinære forhold på inntektssida. Fylkestinget har med bakgrunn i ovannemnde forhold vedtatt å redusere måtalet for gjeldsgraden frå økonomiplan 2023–2026.

Ved utgangen av 2022 er brutto og netto gjeldsgrad i Rogaland fylkeskommune lågare enn gjennomsnittet av fylkeskommunane. Det er fleire fylkeskommunar som har vesentleg større handlefridom enn Rogaland i kraft av ei meir handterleg lånegjeld, men det er også nokre fylkeskommunar som tilsynelatande har vesentleg lågare handlefridom enn Rogaland av motsett grunn. Tala viser at variasjonane i gjeldsbyrde er store.


Gjeldsgrad



Samanlikningar av investeringsnivået i årsrekneskapen kan vere krevjande fordi fylkeskommunane har ulik samansetning av finansielle kjelder. Høg ekstern finansiering frå bompengar og øyremerkte statstilskot trekk isolert sett opp

nivået av brutto investeringar målt i prosent av driftsinntekter. Tala kan likevel gje ein indikasjon på satsinga knytt til investeringar og det tilhøyrande behovet for å overføre midlar frå drift til investering.

Brutto investeringar i prosent av driftsinntekter



Soliditet


Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkjast gjennom bufferkapital eller frie fond (disposisjonsfond), som kan brukast til å takla uventa meirutgifter i enkelte år. Pr. 31.12.22 utgjer disposisjonsfondet til Rogaland fylkeskommune 1601,4 mill. kroner, der 238,6 mill. kroner gjeld premiefondet, som motsvarer premieavvika i KLP og SPK pr. 31.12.22. Denne delen er såleis «bunden opp» til å dekkja inn betalte pensjonspremiar som enno ikkje er dekte inn i driftsrekneskapen. 15,4 mill. kroner av disposisjonsfondet gjeld regionalt næringsfond.

Den resterande delen av disposisjonsfondet (1347,5 mill. kroner) har ikkje tilsvarende

sjølvpålagt binding, men her inngår også akkumulerte overskot på skolane med 74,6 mill. kroner og årets rekneskapsmessige resultat (312,4 mill. kroner) som i tråd med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar er satt av til disposisjonsfondet.

Soliditeten er styrka gjennom avsetningar til disposisjonsfond i 2022. Rogaland fylkeskommunes soliditet i form av eigenkapital som kan brukast til driftsføremål, eller til eigenfinansiering av investeringar (overføring frå drift), ligg noko over gjennomsnittet av fylkeskommunane, men ikkje så langt over som ein kanskje skulle tru når ein lyfter fram dei høge eingongsinntektene frå konsesjonskraft i vurderinga.

Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter



Likviditet

Rogaland fylkeskommune har noko forbetra likviditet frå 2021 til 2022. Eit tradisjonelt uttrykk for likviditet er arbeidskapital. Omløpsmidlar (likvide aktivum) bør korrigjerast for premieavvik, fordi premieavviket ikkje er ei reell fordring. Arbeidskapitalen kan forklarast på denne måten, se tabellen «Arbeidskapital» på neste side.

Rogaland fylkeskommune har i 2022 styrka eigenkapital i form av bundne investeringsfond. Dette gjeld øyremerkte midlar som skal brukas

til Bussvegen og restmidlar (sluttoppgjer) frå Finnfast og T-forbindelsen. 32,9 mill. kroner av 1 842,1 mill. kroner i arbeidskapital per 31.12.22 er ubrukte lånemidlar.

Se tabellen «Arbeidskapital fråtrekt ubrukte lånemidlar i prosent av driftsinntekter» på neste side for ei samanlikning av arbeidskapital mellom fylkeskommunane. I denne oversikta er arbeidskapital definert som omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Ubrukte lånemidlar blir trekt frå arbeidskapitalen.




Arbeidskapital

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
Omløpsmidler	4 415 459	4 064 598	2 879 455	2 430 561
Fråtrekk av premieavvik	-238 552	-282 838	-260 745	-306 155
Kortsiktig gjeld	-2 334 814	-2 028 845	-1 513 555	-1 210 310
Arbeidskapital	1 842 093	1 752 916	1 105 155	914 095
Som skal dekkje:				
Fond				
– Disposisjonsfond fråtrekt premieavvik	1 362 857	1 013 940	546 447	356 623
– Bundne driftsfond	490 465	695 456	597 803	362 872
– Ubundne investeringsfond	10 260	10 683	10 683	22 863
– Bundne investeringsfond	127 781	7 112	24 944	125 539
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-	-	-	77 362
Udekt i investeringsrekneskapet	-16 524	-	-	-
Ubrukte lånemidler	32 871	191 342	90 895	134 453
Endring av rekneskapsprinsipp	-165 617	-165 617	-165 617	-165 617
Sum	1 842 093	1 752 916	1 105 155	914 095

Tal i tusen kroner

Arbeidskapital fråtrekt ubrukte lånemidler i prosent av driftsinntekter



Eit utval nøkkeltal

For å illustrera fylkeskommunens finansielle stilling og utvikling vises eit utval av nøkkeltal for åra 2019–2022. Til samanlikning er det laga ein tabell med dei same nøkkeltala i 2022 for dei

andre vestlandsfylka og gjennomsnittet for dei 10 fylkeskommunane. Det er også i 2022 nokre ekstraordinære finansielle forhold knytt til koronakompensasjon som kan gjera tala mindre samanliknbare frå år til år.

Nøkkeltal Rogaland	R-2019	R-2020	R-2021	R-2022
Skatt og rammetilskotsgrad				
viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og rammetilskot				
Skatt og rammetilskot i prosent av sum driftsutgifter	82,3 %	80,1 %	82,4 %	79,8 %
Netto resultatgrad				
viser kor stor del av driftsinntektene som kan brukast til finansiering av investeringar og avsetningar				
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (utan korreksjonar)	5,1 %	7,2 %	8,4 %	7,7 %
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (med korreksjonar for bundne avsetningar) ¹⁾	4,2 %	4,3 %	7,1 %	8,9 %
Rente- og avdragsbelastning				
viser kor stor del av driftsinntektene som går med til å finansiera renter og avdrag				
Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter	5,2 %	4,9 %	5,9 %	6,2 %
Sjølvsfinansieringsgrad				
viser i kor stor grad fylkeskommunen finansierer investeringar med egne midlar				
Investeringar dekt av egne midlar i prosent av brutto investeringar	18,1 %	30,1 %	19,3 %	22,4 %
Lånegjeldsgrad				
viser kor mykje lånegjelda utgjer av dei totale driftsinntektene				
Lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter	89,3 %	81,2 %	75,8 %	68,9 %


¹⁾ I 2021 også korrigert for overkompensasjon frå KDD

Nøkkeltal Vestlandet	Møre og Romsdal	Vestland	Rogaland	Gjennomsnitt (10 fylkes- kommunar)
Skatt og rammetilskotsgrad				
viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og rammetilskot				
Skatt og rammetilskot i prosent av sum driftsutgifter	78,0 %	72,3 %	79,8 %	77,3 %
Netto resultatgrad				
viser kor stor del av driftsinntektene som kan brukast til finansiering av investeringar og avsetningar				
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (utan korreksjonar)	3,2 %	7,1 %	7,7 %	6,3 %
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (med korreksjonar for bundne avsetningar)	2,8 %	8,8 %	8,9 %	6,2 %
Rente- og avdragsbelastning				
viser kor stor del av driftsinntektene som går med til å finansiera renter og avdrag				
Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter	6,7 %	6,5 %	6,2 %	5,2 %
Sjølvsfinansieringsgrad				
viser i kor stor grad fylkeskommunen finansierer investeringar med eigne midlar				
Investeringar dekt av eigne midlar i prosent av brutto investeringar	30,1 %	45,7 %	22,4 %	43,0 %
Lånegjeldsgrad				
viser kor mykje lånegjelda utgjør av dei totale driftsinntektene				
Lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter	125,9 %	91,1 %	68,9 %	76,5 %

Kva blei pengane brukte til i drift i 2022?


I 2022 har driftsutgiftene vore på til saman 8922,4 mill. kroner. Det første kakediagrammet viser driftsutgifter per type utgift. Diagrammet viser at løn inkludert sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift) utgjør 35,3 prosent av dei totale utgiftene. Overføring frå drift til investering, avsetning til fond og finansutgifter vises ikkje i diagrammet.

Det andre kakediagrammet viser netto driftsutgifter per sektor, og viser at opplæringssektoren står for 49,6 prosent av netto driftsutgifter.




Type driftsutgifter

■ Løn/sosiale utgifter	35,3 %
■ Kjøp til egenproduksjon av tenester	16,9 %
■ Kjøp av produksjon/tenester frå andre	20,8 %
■ Overføringar	19,9 %
■ Avskrivingar	7,1 %



Driftsutgifter pr. sektor

■ Politisk styring	0,8 %
■ Fylkesdirektør med stabar	7,4 %
■ Regionalutvikling inkl. samferdsel	37,5 %
■ Opplæring	49,6 %
■ Tannhelse	4,7 %



Type driftsinntekter

■ Sal- og leiginntekter	7,6 %
■ Refusjonar	12,6 %
■ Overføringar	5,2 %
■ Frie inntekter	74,7 %

Kommentarar til driftsrekneskapen

Strykingar

I samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar gjeldande frå 2020 kan ikkje rekneskapen leggast fram med eit mindreforbruk (overskot). Dersom driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk etter at rekneskapsføring av budsjett Disposisjonar, jf. § 4-1, er gjennomført, skal mindreforbruket reduserast så mykje som mogleg ved å stryke bruk av

Korleis finansierer fylkeskommunen driftsutgiftene sine?

Rogaland fylkeskommune hadde i 2022 ei inntektsside på 9531,4 mill. kroner. I det tredje kakediagrammet ser vi at dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) står for 74,7 prosent av dei totale inntektene. MVA-kompensasjon er ein betydeleg generell inntektspost, og utgjør om lag 26 prosent av det som inngår i refusjonar.

disposisjonsfond. Dersom rekneskapen framleis viser eit mindreforbruk etter strykingane, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidlegare års meirforbruk. Eit mindreforbruk som ikkje dekker inn et meirforbruk skal settast av til disposisjonsfond, jf. § 4-3.

Pensjonskostnader

Fylkeskommunen fører pensjonskostnadene etter reglane gitt i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. Målet er

Driftsrekneskap ¹⁾

	Rekneskap			Budsjett	Avvik	Budsjett
	2020	2021	2022	2022	Rekn./bud.	2023
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	-6 180 905	-6 866 829	-7 116 622	-6 666 722	-449 900	-7 032 563
Driftsinntekter	-1 875 053	-2 107 890	-2 417 207	-1 421 717	-995 490	-1 760 348
Sum inntekter	-8 055 958	-8 974 719	-9 533 829	-8 088 439	-1 445 390	-8 792 911
Løn inkl. sosiale utgifter	2 760 679	2 934 552	3 145 608	3 030 091	115 517	3 269 301
Driftsutgifter (inkl. avskrivningar og fordelte utgifter)	4 925 350	5 372 925	5 776 804	4 289 206	1 487 598	4 746 689
Sum utgifter	7 686 029	8 307 477	8 922 412	7 319 297	1 603 115	8 015 991
Brutto driftsresultat	-369 929	-667 242	-611 417	-769 142	157 725	-776 920
Finansposter:						
Netto renteutgifter	128 427	125 900	97 264	127 350	-30 086	124 550
Avdrag (netto)	221 000	379 300	415 358	396 600	18 758	413 800
Netto finansposter:	349 427	505 200	512 622	523 950	-11 328	538 350
Motpost avskrivningar	-561 193	-593 290	-630 721	0	-630 721	0
Netto driftsresultat:	-581 695	-755 332	-729 516	-245 192	-484 324	-238 570
Brukt slik:						
Til finansiering i investeringsrekneskapen	279 713	168 093	629 875	337 200	292 675	385 956
Netto avsetningar	379 344	587 239	99 640	-92 008	191 648	-147 386
Dekning underskot/Bruk overskot	-77 362	0	0	0	0	0
Rekneskapsmessig mindre- forbruk (-)/meirforbruk (+)	0	0	0	0	0	0
Rekneskapsmessig resultat før adm. transaksjoner ²⁾	-209 029	-361 798	-312 401	0		0

Tal i heile 1000

¹⁾ Tabellen viser driftsrekneskapen for 2020-2022, vedtatt budsjett for 2022, avvik mellom rekneskap og budsjett og vedtatt budsjett for 2023.

²⁾ Med heimel i til ny rekneskapsforskrift som gjeld frå 2020 kan rekneskapen ikkje leggst fram med mindreforbruk. Eit ev. mindreforbruk etter strykingar skal settes av på disposisjonsfond (adm. transaksjon).

at rekneskapen skal visa ei jamnare utvikling av pensjonsutgiftene enn det som følger av premieinnbetalinga, som er sterkt påverka av nivået på løns- og g-veksten dei enkelte åra.

§ 3-5 i forskrifta seier at det er pensjonskostnaden som skal rekneskapsførast, og at pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar skal balanseførast med omsyn til estimatavvik pr. 01.01. I tillegg skal arbeidsgjevaravgift av premieavvik og av netto pensjonsforpliktingar høvesvis kostnadsførast og balanseførast. Premieavvik er differansen mellom pensjonspremie og pensjonskostnad.

Bokførte beløp er baserte på oppgåver frå Kommunal landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Det utrekna premieavviket har motpost i balanserekneskapen og blir fordelt (utgifts- eller inntektsført) på driftsrekneskapane dei neste 15/10/7 åra i samsvar med forskrifta.

Premieavviket, med frådrag av inndekning av tidlegare års premieavvik, påverkar netto driftsresultat negativt med netto 44,3 mill. kroner i 2022. Beløpet er dekkja av pensjonsfondet i samsvar med vedtak i fylkestinget (FT-sak 23/13), slik at fondet per 31.12.22 er identisk med akkumulert premieavvik (238,6 mill. kroner).

Kalkulatoriske avskrivningar

For å illustrera kapitalslitet av bygningar, inventar og utstyr er det i 2022 belasta i alt 630,7 mill. kroner i kalkulatoriske avskrivningar på dei respektive resultatansvara. Avskrivningane påverkar ikkje resultatet, fordi beløpet er ført til inntekt/motpost på same ansvar.

Notar

I forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar kapittel 5, jf. kapittel 10 som gjeld konsolidert rekneskap, går det fram at notar er ein del av årsrekneskapen. Forskrifta

gir i §§ 5-10 – 5-15 blant anna reglar for faste noteopplysningar og andre noteopplysningar som er vesentlege for vurderinga av den økonomiske utviklinga og stillinga. Foreningen for god kommunal regnskapsskikk har gitt ut ein eigen rekneskapsstandard «KRS nr. 6 Noter og årsberetning», som inneheld fleire notar som blir rekna som nødvendige for dei fleste (fylkes)kommunar for at rekneskapen skal vere lagd fram i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

I rekneskapen for 2022 er det lagt ved notar med referanse til KRS nr. 6 ut frå ei vurdering av om dei er vesentlege for å få eit fullstendig og utfyllande bilete av resultata og den økonomiske stillinga til fylkeskommunen ved årsskiftet. Se i rekneskapen for 2022 for noteopplysningar og fleire detaljer om rekneskapen for 2022.

Fakta om driftsrekneskapen

- Rogaland fylkeskommune (RFK) har eit positivt brutto driftsresultat på 611,4 mill. kroner. I dette ligg avskrivningar (kapitalslit) i driftsutgiftene som eit uttrykk for reinvesteringsbehov.
- Finanspostane (netto renteutgifter og avdrag) er på 512,6 mill. kroner. Netto renteutgifter gjekk ned frå 125,9 mill. kroner i 2021 til 97,3 mill. kroner i 2022. Renteinntektene og gevinst frå finansielle omløpsmidlar auka meir enn renteutgiftene.
- Motpost avskrivningar (inntekt) er på 630,7 mill. kroner. Kapitalslitet aukar med 37,4 mill. kroner samanlikna med 2021, og stig i takt med auka realformue.
- Samla gir dette eit netto driftsresultat på 729,5 mill. kroner, som gir ein nettoresultatgrad på 7,7 prosent. I avsnittet om netto driftsresultat er det korrigerte talet 8,9 prosent, som er ein auke frå 7,1 prosent i 2021.
- Årets rekneskapsresultat før administrative transaksjonar er på 312,4 mill. kroner

Kommentarar til investeringsrekneskapen


3,1 mrd. kroner brukt til investeringar

2442,7 mill. kroner blei brukt til investeringsprosjekt i 2022. Dette er ein auke frå 1655,9 mill. kroner i 2021. Det blei i tillegg bokført avsetningar av bundne midlar på 663,7 mill. kroner. Dette gjeld mottatte, men førebels ikkje brukte, midlar i samband med byvekstavtalen knytt til bygging av Bussvegen, reduksjon av bompengar og fjerning av rushtidsavgifta.

Det første kakediagrammet viser investeringar per sektor. Det er som i tidlegare år innan sektoren regionalutvikling (vegar inkl. bompengefinansierte prosjekt) og opplæring (vidaregåande skolar) vi finn dei store investeringane, med høvesvis 59,4 prosent og 16,1 prosent.


Det andre kakediagrammet viser korleis utgiftene i investeringsrekneskapen er finansierte. 50,6 prosent er finansierte av tilskot, refusjonar og mottatte avdrag (inkl. bompengar og momskompensasjon), 11,1 prosent er bruk av lån, og 38,4 prosent er eigenfinansiering (overføring frå drift, sal og bruk av tidlegare avsetningar).

I 2021 blei ubrukne lånemidlar auka som følge av tilbakebetaling av tidlegare utlån til T-forbindelsen (garantibeløp) og Ryfast med høvesvis 111,5 mill. kroner og 6 mill. kroner. I FT-sak 55/22 Revidert budsjett april 2022 vedtok fylkestinget å bruke 158,2 mill. kroner av ubrukne lånemidlar til å redusere låneopptaket i 2022. Fylkestinget vedtok i same sak å bruke 180 mill. kroner av budsjettoverskotet frå 2021 til eigenfinansiering/reduisert låneopptak i 2022. Eigenfinansieringa auka difor i 2022, frå 27,2 prosent i 2021 til 38,4 prosent i 2022.



Investeringar pr. driftsområde

Fond og avsetningar	21,4 %
Utlån, aksjer og andelar	1,6 %
Styringsorgan og fellesutgifter	1,5 %
Regionalutvikling inkl. samferdsel	59,4 %
Opplæring	16,1 %



Finansiering av investeringane

Tilskot, refusjonar og mottatte avdrag	50,6 %
Fond og avsetningar	17,6 %
Bidrag frå drift	20,4 %
Sal av aksjer og eigedom	0,4 %
Bruk av lån	11,1 %

Overføring frå drift

Det er overført 629,9 mill. kroner frå drift, der 517,2 mill. kroner er politisk vedtatt og 112,7 mill. kroner er administrative overføringar. Inkludert i dei administrative overføringane er 90,2 mill. kroner av meir teknisk art som følge av ein omdisponering av bundne driftsfond til bundne investeringsfond. Dette gjeld påskjønningssmidlar mottatt tidlegare år for driftsformål, men der bruken i 2022 er omdisponert til investeringsformål.

Udekt resultat – til inndekning seinare år

Investeringsrekneskapen er lagt fram med eit budsjettavvik før administrative transaksjonar

på 19,0 mill. kroner. Etter strykning av avsetning til ubundne investeringsfond er det eit udekt resultat på 16,5 mill. kroner. Resultatet blir framført til inndekning i 2023. Det udekte resultatet skyldast ein kombinasjon av meir- og mindreforbruk. Det er reelle meirkostnader på nokre område, som ikkje berre dreier seg om endra periodisering.

Innafor eininga Veg og forvaltning blei det i samband med avslutninga av årsrekneskapen gjort nye vurderingar av avgrensinga mellom drift og investering. Det resulterte i ein korrigering av utgifter opphaveleg ført i investeringsdriftsrekneskapet.



I overkant av 50 mill. kroner blei korrigerert frå investering til drift, utan at tilsvarande budsjettmidlar blei korrigerert. I realiteten skulle dermed det udekte resultatet ha vore i overkant av 50 mill. kroner høgare.

Prosjektporteføljen vil i 2023 bli gjennomgått for å oppdatere kostnadsramma til kvart prosjekt. Det kan bli aktuelt med kutt i årsbudsjettet for investeringar som følgje av meirforbruk i 2022. Det vil bli gjort ei samla vurdering, der prisauke i 2022 og i økonomiplanperioden også blir vurdert.

Fakta om investeringsrekneskapen

- Bidrag frå drift har vore 629,9 mill. kroner
- Det er bokført bruk av lån på 341,8 mill. kroner.
- Netto avsetning til bundne investeringsfond var 120,7 mill. kroner.
- Investeringsrekneskapen er lagt fram med eit udekt resultat på 16,5 mill. kroner.

Investeringsrekneskap ¹⁾

	Rekneskap			Budsjett	Avvik	Budsjett
	2020	2021	2022	2022	Rekn./bud.	2023
Investeringar (inkl. utlån, aksjar og forskoteringar)	1 381 933	1 655 863	2 442 699	3 165 698	-722 999	3 741 741
Avdrag	0	0	0	0	0	0
Avsetningar	133 000	351 840	663 689	0	663 689	0
Finansieringsbehov:	1 514 933	2 007 703	3 106 387	3 165 698	-59 311	3 741 741
Bruk av lån	-355 179	-537 093	-341 796	-712 326	370 530	-672 662
Mottatte avdrag på utlån	-20 913	-124 419	-8 874	0	-8 874	0
Tilskot og refusjonar	-611 433	-799 512	-1 554 166	-2 116 172	562 006	-2 683 123
Bidrag frå drift	-279 713	-168 093	-629 875	-337 200	-292 675	-385 956
Sal av aksjar, fast eigedom	-1 920	-8 914	-11 709	0	-11 709	0
Bruk av fond/tidlegare avsetningar	-245 775	-369 672	-543 443	0	-543 443	0
Sum finansiering	-1 514 933	-2 007 703	-3 089 863	-3 165 698	75 835	-3 741 741
Udekt/udisponert	0	0	16 524	0	16 524	0

Tal i heile 1000

¹⁾ Tabellen viser investeringsrekneskapen for 2020-2022, vedtatt budsjett for 2022, avvik mellom rekneskap og budsjett og vedtatt investeringsbudsjett for 2023.

Kommentarar til balansen

Balanserekneskapen er ført opp i samsvar med § 5-8 om verdivurdering i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. Ver merksam på:

Pensjonsskyldnader

Brutto pensjonsmidlar og pensjonsskyldnader etter oppgaver frå KLP og SPK blir førte i balanserekneskapen. På denne måten får vi oversikt over netto pensjonsgjeld (pensjonsskyldnader – pensjonsmidlar), slik at dei reelle skyldnadene går fram av balansen. Netto pensjonsgjeld per 31.12.2022 utgjør 552,8 mill. kroner.

Anleggsverksemd

I 2022 er det utgiftsført 2442,7 mill. kroner i anleggskostnader. Av dette er 1874,2 mill. kroner innanfor samferdsel og primært i vegsektoren. Desse investeringsbeløpa blir aktiverte i balanserekneskapen som egedelar med motpost kapitalkonto.



Fordeling gjeld og egenkapital


Sum egenkapital	53,8 %
Pensjonsforpliktingar	14,3 %
Langsiktig lånegjeld	23,5 %
Kortsiktig gjeld	8,4 %

Garantiskyldnader

Det totale garantiansvaret til Rogaland fylkeskommune summerer seg til om lag 32 mrd. kroner når ansvaret for Rogfast og Bymiljøpakke Nord-Jæren blir teke med. Rogfast har ei garantiramme på 17,6 mrd. kroner der 0,9 mrd. kroner var tatt opp i lån pr. 31.12.22. Bymiljøpakke Nord-Jæren ligg førebels inne med ei garantiramme på 7,7 mrd. kroner, men den vil bli justert ned når endringa i FT-sak 173/19 blir vedtatt av Stortinget. Pr. 31.12.22 er det ikkje tatt opp lån for pakken. Garantiansvaret inkluderer også eit tillegg på 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påkomne renter og omkostningar.

Fakta om balansen

- Ved utgangen av 2022 hadde Rogaland fylkeskommune i underkant av 6,6 mrd. kroner i langsiktig lånegjeld.
- Pensjonsskyldnadene til fylkeskommunen er på 4,0 mrd. kroner.
- Fylkeskommunen har egedelar bokførte til 27,9 mrd. kroner (inkludert pensjonsmidlar på 3,5 mrd. kroner).
- Arbeidskapitalen er noko styrka i 2022.



Utvikling i egedelar

Anleggsmidler		Omløpsmidler	
2020	21 479 191	2020	2 879 455
2021	21 671 968	2021	4 064 598
2022	23 506 174	2022	4 415 459

Balanserekneskap ¹⁾

	2020	2021	2022
Anleggsmidler:	21 479 191	21 671 968	23 506 174
Av dette: Utlån, aksjar og andeler	422 721	396 633	430 294
Av dette: Pensjonsmidlar	4 100 189	3 373 977	3 448 704
Omløpsmidlar:	2 879 455	4 064 598	4 415 459
Av dette: Kortsiktige fordringar	506 417	660 795	941 285
Sum eigedelar	24 358 646	25 736 566	27 921 633
Fond	-1 440 622	-2 010 029	-2 229 916
Rekneskapsmessig mindreforbruk (-) el. meirforbruk (+) 5)	0	0	0
Udisponert el. udekt i investeringsrekneskapen	0	0	16 524
Likviditetsreserve	0	0	0
Endra rekneskapsprinsipp	165 617	165 617	165 617
Kapitalkonto	-10 698 641	-11 305 008	-12 968 526
Sum eigenkapital	-11 973 646	-13 149 420	-15 016 301
Pensjonsforpliktingar	-4 328 684	-3 757 301	-4 001 551
Langsiktig lånegjeld	-6 542 761	-6 801 001	-6 568 968
Kortsiktig gjeld	-1 513 555	-2 028 845	-2 334 814
Sum gjeld	-12 385 000	-12 587 147	-12 905 333
Sum gjeld og eigenkapital	-24 358 646	-25 736 567	-27 921 634
Memoriakonto:			
Ubrukte lånemidler	90 895	191 342	32 871

Tal i heile 1000

¹⁾ Tabellen viser balanserekneskapen til fylkeskommunen dei tre siste åra. Balanserekneskapen viser fylkeskommunen sine bokførte eigedelar (omløpsmidlar og anleggsmidler), gjeld og eigenkapital.

²⁾ Med heimel i til ny rekneskapsforskrift som gjeld frå 2020 kan rekneskapen ikkje leggst fram med mindreforbruk. Eit ev. mindreforbruk etter strykingar skal settes av på disposisjonsfond (adm. transaksjon).

Arbeidskapital ³⁾

	2020	2021	2022
Endring i omløpsmidlar	448 894	1 185 143	350 861
Endring i kortsiktig gjeld	303 245	515 290	305 969
Endring i arbeidskapital	145 649	669 853	44 892

Tal i heile 1000

³⁾ Tabellen viser endringar i arbeidskapitalen som kjem fram av differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Oppsummering av 2022

Fokus på prioriteringar, stram økonomistyring og god budsjett disiplin har medverka til nok eit år med positivt rekneskapsresultat. Det har vore god kontroll med økonomien gjennom heile året. Dei periodiske rapportane har indikert at organisasjonen kunne styra mot balanse, til tross for noko usikkerheit knytt til koronapandemien også i 2022.

Nøkkeltala viser at Rogaland fylkeskommunes handlefridom og moglegheiter i stor grad blir styrt av dei frie inntektene. Det vil seia at det eigentleg er staten som er premissleverandør for det fylkeskommunale tilbodet.

Eit netto driftsresultat på 8,9 prosent etter korrigeringar gjer at målet om eit netto driftsresultat på 4 prosent av driftsinntektene er oppnådd med god margin. Årets resultat er ein forbetring frå 7,1 prosent i 2021. Ekstrainntekter frå konsesjonskraft i 2022 utover opphavelig budsjett utgjer åleine eit lyft i resultatgraden på 4,5 prosent, rekna av samla driftsinntekter. Også meirinntekter frå skatt har trekt opp resultatet på ein uvanleg måte. Når vi tek det ekstraordinære ut av reknestykket, er handlingsrommet i drift stramt. Utgiftene veks meir enn inntektene på grunn av høg underliggande prisvekst.

Dess høgare investeringsnivå fylkeskommunen har, dess høgare resultatgrad bør ein prøva å oppnå. Dette er for å halda gjeldsutviklinga mest mogleg stabil. I kraft av eit høgare netto driftsresultat enn budsjettert er fylkeskommunes evne til å finansiera egne investeringar blitt mellombels styrka i 2022. Dette har som nemnd skjedd i kraft av ekstraordinære forhold, hovudsakeleg eingongs-

inntekter frå skatt/rammetilskot og høge ekstrainntekter frå konsesjonskraft. I tråd med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar er budsjettoverskotet satt av på disposisjonsfond, og styrker fylkeskommunens finansielle soliditet. Bufferkapitalen eller «krisekassen» er no noko høgare enn gjennomsnittet av fylkeskommunar. I denne samanhengen er det viktig å hugse på at fylkestinget i økonomiplan 2023–2026 har vedteke å bruke 356 millionar kroner av denne bufferkapitalen til investeringar for å unngå auka gjeldsgrad.

Vestlandsfylka leverer noko ulike resultat i 2022. Rogaland og Vestland har netto driftsresultat over gjennomsnittet for fylkeskommunane på høvesvis 7,7 prosent og 7,1 prosent utan korreksjonar, medan Møre og Romsdal med sitt resultat på 3,2 prosent ligg under gjennomsnittet på 6,3 prosent for 10 fylkeskommunar samla (landet). Etter korreksjonar er netto driftsresultat 8,9 prosent for Rogaland, 8,8 prosent for Vestland og 2,8 prosent for Møre og Romsdal, samanlikna med 6,2 prosent for landet. Ein må vere merksam på at nivået av avdrag varierer frå minimumsavdrag til eit betydeleg høgare nivå av avdrag. Samanlikningar kan derfor godt gjerast etter at avdrag er bytt ut med avskrivingar. Forholda er da eit netto driftsresultat for Rogaland på 6,6 prosent, 6,0 prosent for Vestland og 0,5 prosent for Møre og Romsdal.

Fleire samanlikningar er å finna på Statistisk sentralbyrå sine KOSTRA-sider og under Økonomisk statistikk på fylkeskommunens eigen heimeside: rogfk.no




Foto: Elisabeth Tømmessen

Sett i samanheng med dei vedtatte måla i budsjettet for 2022 har Rogaland fylkeskommune levert eit godt resultat:

- Rekneskapen er gjord opp med overskot. Det er kontroll og balanse i drifta, sjølv om det òg i 2022 er nokre enkeltposter som medverkar til eit godt resultat.
- Det er ei bekymring knytt til auka stramheit i drift i 2022 som følgje av høg pris- og kostnadsvekst som ikkje er kompensert gjennom det økonomiske opplegget for fylkeskommunar.
- Netto driftsresultat blei på 7,7 prosent av driftsinntektene (før korrigeringar).
- Korrigert netto driftsresultat er på 8,9 prosent, som er 4,9 prosentpoeng betre enn retningsgivande måltal på 4 prosent og betydeleg betre enn det opphavlege budsjettet la opp til (3,1 prosent).

- Lånegjelda er på 68,9 prosent av drifts- inntektene, med ein noko oppblåst inntektsbase som følge av kompensasjonsordningar og øyremerkte tilskot mv.

Utfordringane framover

Fylkestinget har vedtatt konkrete finansielle måltal/handlingsreglar for økonomiplan 2023–2026. Det er gjort greie for desse i økonomiplan 2023–2026.

Dei økonomiske rammene i det vedtatte budsjettet for 2023 og økonomiplan 2023–2026 er strame og forutsett at vedtatt salderingsplan blir følgt opp. Den finansielle risikoen er høg på grunn av små marginar i drift. Eit godt rekneskapsresultat i 2022 har bidratt til å auke eigenkapitalen (frie driftsfond), noko som sikrar fylkeskommunen sin bufferkapital på kort sikt. Dette er reservar som kan brukast til å auke

Rekneskapen er gjort opp med overskot

eigenfinansieringa av investeringar i åra som ligg føre oss, eller i det minste halde den stabil på anbefalt nivå. Reservane kan også brukast til å dekkja auka utgifter og inntektsbortfall i drift. Det kan også vere mogleg å bruke noko av budsjettoverskotet til å redusere låneopptaket i 2023.

Den delen av fylkeskommunens lånegjeld som er eksponert for renterisiko, vil vere ei utfordring å handtera når marknadsrentene no har stege frå historisk låge nivå. I tillegg har fylkeskommunen langsiktige utfordringar knytt til finansiering av kollektivtransport. Dette gjeld både i investering og drift.

Økonomiske utfordringar i åra framover er gjennomgått i økonomiplan 2023–2026. Den ekstra avsetninga til disposisjonsfond i 2022 er «eingongspengar», og føresetnadene for vedtatt økonomiplan er i hovudsak uendra.

Stram økonomistyring, god budsjettdisiplin og hyppig rapportering vil òg i åra som kjem vere suksessfaktorar. Sparetiltak må følgjast opp, med merksemd retta mot både prioriterings-effektivitet og kostnadseffektivitet. Nøkkeltal illustrerer at Rogaland fylkeskommune på mange område har låge einingskostnader og høg kostnadseffektivitet samanlikna med andre fylkeskommunar. Fylkesdirektøren meiner at fylkeskommunen er underadministrert på nokre områder som er viktige for styringa av den samla verksemda.

Ein grunnleggjande føresetnad i åra framover er at det blir ein realvekst i frie inntekter som er stor nok til å dekkja demografiske endringar, nye miljøkrav, krav om universell utforming, behov for utbygging av kollektivtrafikk, naudsynt vedlikehald av vegar og eigedomar og dessutan kostnader til nye nasjonale reformer på dei ulike felta.

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) oppnemnte i mars 2022 eit ekspertutval for å vurdere inntektssystemet for fylkeskommunane, med særleg vekt på utgiftsutjevningen. Ekspertutvalet la i desember 2022 fram forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2024. Omfordelingane slik dei føreligg i forslaget frå ekspertutvalet slår veldig negativt ut for Rogaland, og kan bety ei stor finansiell utfordring for fylkeskommunen. Fylkesutvalet i Rogaland vedtok eit høyringssvar i møte 14. februar 2023. Den store økonomiske uvissa som er knytt til departementets behandling av utvalets forslag er også eit argument for å ta høgde for meir av det usikre i den komande behandlinga av årsrekneskapen og revidert budsjett for 2023.

Stortinget har vedtatt eit trekk i rammetilskotet i 2023 som mest sannsynleg inneber at Rogaland fylkeskommune ikkje får inntekter frå konsesjonskraft i 2023 utover ein salspris på 70 øre per kWh, med fråtrekk av kjøpsomkostningar på om lag 20 øre per kWh. Med dette er tilsvarande ekstraintekter som i 2022 utelukka.



Foto: Elisabeth Tønnessen

Arbeidet med økonomiplan 2023–2026 viste at fylkeskommunen er avhengig av ein reell auke i dei statlege overføringane – utover den naturlege kostnadsutviklinga og endringar som følger av demografiske tilhøve. Ein underliggjande føresetnad er forsvarlege lokale prioriteringar, og då først og fremst god balanse mellom drift og investeringar.

I 2023 og i grunnlaget for økonomiplan 2024–2027 må fylkeskommunen ta omsyn til at verknaden av pris- og kostnadsauke er forsterka, utan at dette har blitt kompensert gjennom dei statlege rammene. Dette tilseier åleine at fylkeskommunen kan få god bruk for bufferkapital i ein periode med omstilling til svekka handlingsrom. I årsbudsjettet for 2023 er det lagt opp til at fylkeskommunen skal bruke forholdsvis mykje av oppsparte midlar, både

i konsernet og i kollektivtransportselskapet Kolumbus.

Tannhelse Rogaland FKF

Rekneskapen viser eit underskot i 2022 på 1,8 mill. kroner.

Hovudårsaka til underskotet er høgare prisvekst på medisinsk utstyr/forbruksmateriell og høgare energiprisar enn budsjetttert. Overskotet på 9,1 mill. kroner frå 2021 er disponert til stimuleringstiltak og medisinsk teknisk utstyr, jf. styresak 25/2022.

Meir informasjon og opplysningar om Tannhelse Rogaland FKF er å finna i rekneskapen for føretaket og årsmeldinga for 2022.

Revisors beretning



Rogaland
Revisjon

Til Fylkestinget i Rogaland Fylkeskommune

Kopi:
Kontroll- og kvalitetsutvalg
Fylkesutvalget
Fylkesdirektør**UAVHENGIG REVISORS BERETNING****Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet*****Konklusjon***

Vi har revidert Rogaland Fylkeskommune årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 729 515 000 og et netto driftsresultat i det konsoliderte årsregnskapet på kr 731 841 000.

Årsregnskapet består av:

- Fylkeskommunens årsregnskap, som består av balanse per 31. desember 2022, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.
- Konsolidert årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2022, driftsregnskap, investeringsregnskap, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter.

Etter vår mening:

- Oppfyller fylkeskommunens årsregnskap gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av fylkeskommunens finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.
- Oppfyller det konsoliderte årsregnskapet gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Rogaland Fylkeskommune som økonomisk enhet per 31. desember 2022, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i "Revisors

Adresse:
Strandkaiaen 36, 4005 StavangerOrganisasjonsnr.:
887 052 832Telefon:
40 00 52 00Epost:
post@rogaland-revisjon.no

oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet". Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Fylkesdirektøren er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Fylkesdirektørens ansvar for årsregnskapet

Fylkesdirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Fylkesdirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører

revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av Fylkesdirektøren er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.
- innhenter vi tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis vedrørende den finansielle informasjonen til regnskapsenheter som inngår i konsolidert årsregnskap for å kunne gi uttrykk for en mening om det konsoliderte årsregnskapet. Vi er ansvarlige for å lede, følge opp og gjennomføre revisjonen av det konsoliderte årsregnskapet. Vi alene er ansvarlige for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og fylkesdirektøren blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Rogland Fylkeskommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra fylkestinget i Rogland Fylkeskommunes premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Fylkesdirektørens ansvar for redegjørelse om budsjettavvik og revisors oppgaver og plikter knyttet til uttalelsen om budsjettavvik

For videre beskrivelse av Fylkesdirektørens ansvar og revisors oppgaver ved uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik vises det til [www.nkrf.no/revisjonsberetninger - revisjonsberetning nr. 1](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger-revisjonsberetning-nr-1).

Stavanger, 29.03.2023

Rogaland Revisjon Iks

Elektronisk signert

Rune Haukaas

Revisjonsdirektør/

statsautorisert revisor



Elektronisk signatur

Signert av	Dato og tid
Haukaas, Rune Norwegian BankID	29.03.2023 14.23.44

Dette dokumentet er signert med elektronisk signatur. En elektronisk signatur er juridisk forpliktende på samme måte som en håndskrevet signatur på papir. Denne siden er lagt til dokumentet for å vise grunnleggende informasjon om signaturen(e), og på de foregående sidene kan du lese dokumentet som er signert. Vedlagt finnes også en PDF med signatordetaljer, og en XML-fil med innholdet i den elektroniske signaturen(e). Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten av dokumentets signatur ved behov.

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130 sentrum
4001 Stavanger

Besøksadresse

Arkitekt Eckhoffs gate 1
4010 Stavanger

Telefon

51 51 66 00

E-post

firmapost@rogfk.no



Rogaland
fylkeskommune

www.rogfk.no